



**Høgskolen
i Innlandet**

Fakultet for helse og sosialvitenskap

Juliet Navarsete

Masteroppgåve

Kommunalt barnevern og statleg barnevernsinstitusjon; opplevingar og praksiserfaringar med foreldresamarbeid.

Municipal child welfare and state child welfare institution;
experiences and practical experiences with parental
cooperation.

Mastergrad i tverrfaglig arbeid med barn, unge og familier.

Emnekode: TBU4901_1

15.09.2022

Forord

«For det er jo først når man blir sett av noen at man får øye på seg selv der inne»

(Janicke Langford)

Eg vil starte med å vise takksemnd til alle barn, ungdom og familiar eg har møtt opp gjennom tida i arbeidet som barnevernspedagog. På kvar sin måte har dei alle inspirert meg til å finne ut korleis vi profesjonelle heile tida kan søke nye forståingar, utvide kunnskapen vår og vise omsorg for menneske som befinner seg i ulike sårbare situasjonar. Ut frå dette starta reisa mot masteroppgåva, og i dag er eg kommen ved vegs ende.

Det byrjar å bli nokre år sidan eg bestemte meg for å jobbe med barn og ungdom, og frå eg starta i yrket fram til no har eg hatt ei enorm personleg og fagleg utvikling. Eg har gått i frå å tenke at ungdom truleg bur på institusjon fordi foreldra ikkje er gode nok, til å tenke at alle foreldre har noko godt i seg, berre vi som arbeider med dei klarar å finne dette unike ved kvar enkelt. Å klare å sjå ungdom og familien deira i eit livslangt perspektiv trur eg er ein viktig del av å legge til rette for endring hjå den vi skal hjelpe, og eg trur vi som profesjonelle så alt for sjelden blir utfordra eller bevisstgjort på måten vi møter andre på.

Eg har gjennomført deltidsstudier over fire år der eg har møtt både lærarar, førelesarar og medstudentar som har gitt meg nye viktige perspektiv. Samstundes har eg hatt stor nytte av gode refleksjonar med kollegaer, leiarar og fleire som har inspirert meg til ulike vegval både som student og menneske. Å skrive denne masteroppgåva har gitt meg ny kunnskap på feltet og eg er sikker på at alt eg har lært, kjem eg til nytte godt av i framtida. Det har vore både inspirerande, til tider tungt, frustrerande men også givande å skrive. Ikkje minst har denne masteroppgåva bidratt til at eg denne hausten har starta opp i ein ny og spennande jobb.

Eg takkar audmjukt mine flotte informantar som fann tid i ein hektisk arbeidskvardag midt i eit av fleire covid-19 utbrot til å dele raust av sin kunnskap og sine erfaringar, utan dykk hadde det ikkje blitt noko oppgåve. Eg vil også takke veiledaren min Astrid Halså ved Høgskulen i Innlandet for konstruktiv og god rettleiing gjennom heile prosessen med oppgåva frå start til slutt.

Så til familie og venner, takk for all tolmod de har vist meg, for støttande og velmeinte ord og for at de alltid har hatt trua på meg. No håpar eg at eg skal få mykje meir kvalitetstid med dykk og ikkje minst bruke fritida mi på fjellet, der eg trivast aller best.

Til slutt ei spesiell takk til Julie for at du tok deg tid til å lese, komme med råd og tilbakemeldingar. Vil også rette ei takk til medstudent Elin for lange telefonsamtalar, god stemning på turane over fjellet når vi hadde samling på Lillehammer, og for støtte gjennom «master-reisa» vår.

Juliet Navarsete.

Førde, 14.09.2022

Samandrag

Hensikt:

Studien har søkt å utforske tilsette i kommunalt barnevern og tilsette i statlege barnevernsinstitusjon sine opplevingar og erfaringar knytta til foreldresamarbeid til ungdom plassert på institusjon. Studien er spissa til plassering på frivillig hjelpetiltak under statleg omsorgsinstitusjon.

Problemstilling:

Problemstillinga i denne masterstudien er; *«Kva opplevingar og praksiserfaringar har tilsette i barnevernet og på barnevernsinstitusjon for samarbeid med foreldre til ungdom som bur på institusjon?»*

Metode:

Denne studien har eit kvalitativt forskingsdesign med fokusgruppeintervju som metode. Det er gjennomført delvis strukturerte fokusgruppeintervju med to blanda grupper, med fem informantar i kvar gruppe. Informantane er tilsette i kommunale barnevernstenester og tilsette ved institusjonar under statleg regi, barne- ungdoms- og familieetaten. Informantane kjem frå forskjellige kommunar i Vestland fylke. Som analysemetode er det nytta tematisk analyse.

Resultat:

Gjennom analysen kom eg fram til følgjande kodegrupper; Tilsettes forståing av foreldresamarbeid, ulike erfaringar av foreldresamarbeid, oppleving av tverrfagleg samarbeid for foreldreinkludering og erfaring rundt overgang/tilbakeføring.

Konklusjon:

Dei tilsette har fleire og ulike erfaringar av foreldresamarbeid. Funn syner blant anna faktorar dei tilsette meiner er viktige for eit godt samarbeid, og faktorar dei meiner kan vere utfordringar i eit samarbeid. Dei tilsette er opptatt av å legge til rette for eit foreldresamarbeid og at eit sånt samarbeid må starte tidleg. Dei belyser blant anna tillit, respekt, god kommunikasjon og ein bevisst holdning knytta til maktforhold i rolla si. Når det kjem til tverrfagleg samarbeid mellom dei to instansane viser funn at dei tilsette har eit fokus på korleis dei ønsker det skal vere, men at begge instansar har tankar om kva som ikkje fungerer så godt. Både når det kjem til tiltaksplaner som arbeidsverktøy og ansvarsgruppemøter som arena for samarbeid viser dei tilsette til ønsker om bedring. I overgangen når ungdommen skal flytte frå institusjon til eigen bustad, i anna tiltak eller heim til familien legg dei tilsette vekt på tidleg innsats og gode planar, samt ei inkludering av foreldra og ungdommen undervegs for å sikre at ulike at ønsker og behov blir ivaretatt. Slik dei tilsette skildrar dagens situasjon

ber det preg av ønsker om eit betre samarbeid mellom instansane som kan påverke ungdommen og foreldra positivt.

Summary

Purpose:

The purpose of this study was to explore the experiences of employees in municipal child welfare and employees of state governed institutions when it comes to cooperating with parents of youth that are placed in institutions. Placements in state care institution on voluntary relief measures have been the focus in this study.

Issue:

What practical experiences does employees in child welfare and in child welfare institutions have when it comes to cooperating with the parents of youth living in child welfare institution?

Method:

This study has a qualitative research design with focus group interviews as method. Partly structured focus group interviews have been carried out in two mixed groups, with six informants in the respective groups. The informants are employees in municipal child welfare and employees of state governed institutions, child-, youth- and family agency. The informants' background are from different municipalities within Vestland, the western county. Thematic analysis has been used as analytic method.

Result:

Through the analysis, I found these group codes; The employees understanding of parent cooperation, different experiences of parent cooperation, experience of interdisciplinary cooperation to ensure that parents are included, and experience linked to transition/return to parents.

Conclusion:

The employees have multiple and different experiences when it comes to cooperating with parents. Factors that the employees find valuable, and factors that they think might be

challenging when it comes to cooperating with parents, are some of the things that were pointed out in the findings. Employees are interested in how they can ensure cooperation with the parents, and that the cooperation must start early. Trust, respect, good communication and a conscious attitude towards power relations in their role as a professional are among the things that they point out. When it comes to interdisciplinary cooperation between the two instances, findings shows that the employees are focusing on how their instance want it to be, although they have thoughts about what is challenging. The employees want improvement when it comes to action plans as a working tool, and responsibility group meetings.

In the transition when youth is moving from institution to their own house, in another base or back to the family, the employees emphasise early intervention and good plans, as well as including the parents and the youth along the way to make sure that their wishes and needs are taken care of.

Innhald

Kapittel 1. Innleiing	1
1.1 Problemstilling.....	4
1.2 Sentrale omgrep.....	4
1.3 Avgrensningar i studien.....	4
1.4 Oppgåva si oppbygging.....	5
Kapittel 2. Rammer, føringar og tidlegare forskning	6
2.1 Retningslinjer for hjelpetiltak jf. Barnevernlova.....	6
2.2 Det biologiske prinsipp.....	7
2.3 Kven er ungdom i institusjon?.....	8
2.4 Bufetat - statleg barnevern.....	9
2.5 Standardisert forløp i omsorgsinstitusjon.....	10
2.6 Kunnskapsstatus.....	10
2.6.1 Ressursperspektiv på familien.....	11
2.6.2 Samarbeidsrelasjonar i praksis.....	12
2.6.3 Fokus på god overgang etter institusjon.....	13
2.7 Kort oppsummering av kunnskapsstatus.....	15
Kapittel 3. Teoretisk bakgrunn	16
3.1 Systemisk perspektiv i arbeidet med familien.....	16
3.1.1 Hypotesar som grunnlag for forståing.....	16
3.2 Maktforhold i profesjonelt arbeid.....	19
3.3 Tverrfagleg samarbeid.....	20
Kapittel 4. Metode	23
4.1 Val av metode.....	23
4.2 Utval og rekruttering av informantar.....	23
4.3 Fokusgrupper.....	25
4.4 Forskingsetikk, personvern og informasjonstryggleik.....	26
4.5 Gjennomføring av datainnsamling.....	27
4.6 Transkribering.....	29
4.7 Metode for analyse av datamateriale.....	29
4.7.1 Dataanalyse.....	29
4.7.2 Beskrivelse av analysen.....	29
Fase 1: Bli kjent med datamaterialet.....	30
Fase 2: Dei første kodane.....	30
Fase 3 og 4: Leite etter tema og gå gjennom tema.....	31
Fase 5: Definere og navngi tema.....	33

4.8 Vitskapleg ståstad	34
4.8.1 Hermeneutikk.....	34
4.8.2 Forforståing	35
4.8.3 Metodologisk drøfting.....	36
4.8.4 Validitet.....	37
Kapittel 5. Presentasjon av hovudfunn	38
5.1 Forståing av foreldra sine behov.....	38
5.2 Tilsettes erfaringar med foreldresamarbeidet	40
5.3 Utdringar i foreldresamarbeidet	44
5.4 Tverrfagleg samarbeid	48
5.5 Overgangsfasen.....	50
5.6 Oppsummering av funn	52
Kapittel 6. Drøfting av resultat	54
6.1 Relasjonens betydning i foreldresamarbeidet	54
6.2 Godt tverrfagleg samarbeid er betydningsfullt for inkludering av foreldra.....	58
6.3 God overgang gir trygghet for alle	61
Kapittel. 7 Avslutning	66
Litteraturliste	68
Vedlegg 1: Informasjonsskriv.....	73
Vedlegg 2: Samtykkeerklæring	75
Vedlegg 3: Godkjenning frå NSD	75
Vedlegg 4: Intervjuguide	77

Kapittel 1. Innleiing

På tross av at det dei seinare åra har vore eit større fokus på barnets beste og det biologiske prinsipp i form av tidlege førebyggjande intervensjonar og eit ønske om mindre plasseringer av barn og unge i institusjon, var det i følge statistisk sentralbyrå (SSB) 1036 barn plassert på norske barnevernsinstitusjonar i utgangen av 2020 (SSB, 2021). Hensyn til barnets beste er grunnleggjande i barneretten og brukast i ulike samanhengar både rettsleg, ideologisk og politisk. Hensynet legg vekt på at barnet skal ha ein stabil og trygg voksenkontakt og kontinuitet i omsorgen (Befring et al., 2013, s. 51).

Det norske barnevernet har ansvar for å bidra til at alle barn kan få ei framtid gjennom akseptable oppvekstsvilkår. Det vert stilt store krav i denne tjenesten til kompetanse i form av innsikt, initiativ, integritet og kreativitet for å kunne hjelpe barn, unge og familier som treng bistand frå barnevernet (Befring et al., 2013, s. 16). Barnevernet arbeider etter barnevernlova som kom først i 1953, med ei endring av lova i 1992. Frå januar 2022 tredde den nye barnevernsreforma i kraft og med den kom forslag om ny barnevernslov. I hovudsak handlar det om at barnevernet skal yte betre kvalitet i tenestene og bidra til betre rettssikkerheit for barn og foreldre (Prop. 133 L, (2020-2021) s. 15). Forslaget om ei endring av barnevernlova kjem frå barne- og familiedepartementet. Den kjem på bakgrunn av kritikken retta mot barnevernet blant anna i media dei siste åra, det handlar i hovudsak om familiar som har kjent seg krenka og opplevd urett behandling av barnevernet i form av omsorgsovertaking og tvangsflytting av barna deira.

Barne- og familiedepartementet viser til dette: Den europeiske menneskerettighetsdomstolen «(EMD) har i frå 2015 hatt 39 barnevernssaker til behandling, mot Norge. I åtte av ti dommar som hittil er avsagt, konstanterer EMD krenking av den europeiske menneskerettskonvensjon (EMK) artikkel 8 om retten til familieliv» (Prop. 133 L, (2020-2021) s.15). Rettssikkerheitomgrepet omfattar vern av private i møte med det offentlege maktapparatet, og å sikre at inngrep frå offentlege instansar skjer på ein måte og med eit innhald som kan akseptierast i eit demokratisk samfunn (Befring et al., 2013, s. 48). Sentralt i barnevernssamheng står FNs konvensjon om barns rettigheter, den betraktar barn som sjølvstendige rettssubjekt og dannar grunnleggjande menneskerettigheter for barn. Blant anna

retten til liv og utvikling, beskyttelse, omsorg og medbestemmelse (Befring et al., 2013, s. 48).

Under forhold der barnevernet er i tvil om barn har tilstrekkelege omsorgsrammer kan eit alternativ vere frivillige hjelpetiltak som for eksempel eit opphold i barnevernsinstitusjon. Barnevernet gjennomfører derfor ei kartlegging av omsorgssituasjonen i heimen før plasseringa. Tilsette i barnevernet har eit stort ansvar når vurderinger av heimeforholda og foreldrekompetanse skal utgreiast. På den andre sida må ikkje dei tilsette i barnevernet vere einige med foreldrene i deira perspektiv, men det handler meir om viljen til å forstå, finne fram til og ta med foreldrene sine synspunkt i avgjersler og vurderinger (Bunkholdt og Sandbæk, 2012, s. 27).

Barne- ungdoms- og familieetaten (bufetat) er statleg drevet og har ansvar for mange av landets ulike barnevernsinstitusjoner. Dei har ulike institusjonar, alt frå åtferd, rus og omsorg. Slik beskriv bufetat sine omsorgsinstitusjoner; «*Omsorgsinstitusjonene tilbyr plass til ungdommar mellom 12 og 18 år. Det er barn og ungdom som ikkje kan bu heime på grunn av manglende omsorg, eller har foreldre som av ulike grunner ikkje er i stand til å ivareta omsorgen i kortare eller lengre perioder*» (Bufetat, 2018). Det er kommunane som er ansvarlege for å søke plass ved institusjon, og både ungdom og foreldre skal ha ei sentral rolle i val av institusjon.

Hausten i 2021 var fleire tilsette i spisskompetansmiljøet for endringsarbeid i omsorgsinstitusjonar samla i Oslo der familiararbeid stod på agendaen (Bufdir, 2021). Det vart blant anna snakka om korleis framtidens omsorgsinstitusjonar kan møte krava som kjem i etterkant av dommane frå den europeiske menneskerettsdom-stol i Strasbourg. Bufetat meiner det har vore mykje godt familiararbeid i fleire tiltak, men at målet er å bli meir systematiske. Bufetat meiner at ein må sjå ressursane som ligg hjå familien, dette gjeld både for statleg og kommunalt barnevern (Bufdir, 2021). Dei er opptatt av at dei tilsette ved institusjon skal ha fokus på samarbeid med både ungdom og foreldre under forløpet og beskriv dette slik;

Det er viktig at institusjonen samarbeider med barnet og barnets foreldre. Dette er ei plikt institusjonen har etter barnevernlova § 1-7. Det vil ikkje alltid være mogleg å oppnå eit samarbeid, institusjonen må likevel tilstrebe samarbeid på ein måte som er til barnets beste (Bufdir, 2021).

Med andre ord bevegar dei tilsette i barnevernssystemet seg mellom involvering av foreldra og faglege vurderingar. Her kan dei tilsette møte moglegheiter men også fleire fallgruver. Eg er interessert i korleis dei tilsette både i barnevernet og på institusjon ser på dette, og korleis dei opplev at samarbeidet fungerer i praksis. Studiet mitt søker å forstå sentrale tankar som korleis dei tilsette i barnevernet og ved omsorgsinstitusjon forstår foreldra sine behov under ei plassering av deira barn, og korleis dei arbeider både internt men også tverrfagleg for å imøtekomme desse behova. Studie er spissa til å handle om plassering i institusjon på frivillig samtykke frå foreldra. Eg vil også undersøke korleis dei tilsette ser på samarbeid som ein viktig faktor for ein god overgang eller tilbakeføring etter endt institusjonsopphold.

Bakgrunn for val av dette tema handlar om eigne interesser for feltet, samt at det er forska lite på foreldresamarbeid under frivillig samtykke. Forsking som er gjort på temaet dreiar seg stort sett om oppfølging av foreldre som er fråtatt omsorga for barnet sitt.

Etter nesten ti års eigen erfaring som miljøterapeut på fleire statlege omsorgsinstitusjonar for barn og unge har eg etterkvart gjort meg opp nokre tankar kring arbeid med ungdom og deira foreldre. Med miljøterapeut meinast dei tilsette på institusjon, ofte beståande av faggruppa sosionomar, barnevernspedagogar eller vernepleiarar. Miljøterapeuten si viktigaste oppgåve er å reflektere over eigne tankar, kjensler og handlingar, samstundes vere opptatt av korleis ein framstår ovanfor ungdommen. Nettopp fordi miljøterapeuten er den viktigaste metoden for barn og unge som har vore utsett for påkjenningar (Gustumhaugen et al, 2017).

Miljøterapeutane skal hjelpe ungdommane på vegen mot å bli eit sjølvstendig individ og har fokus på at ungdommen sjølv er kaptein i eige liv. Samstundes har eg etterkvart erfart at desse ungdommane treng nokre gode matrosar med seg på skuta, som støtte mot å bli ein god kaptein. Det varierer i stor grad kva relasjon ungdommane har til sine eigne foreldre når dei flyttar inn på institusjonen, og nokre av oppgåvene til institusjonen er å kartlegge nettverket og familierelasjonane til ungdommen. Som miljøterapeut har eg erfart at det krev både tid og tolmodigheit for å kunne gjere eit godt arbeid og eg er nysgjerrig på korleis andre i same yrke opplev dette.

1.1 Problemstilling

Val av tema utgjorde etterkvart problemstillinga; «*Kva opplevingar og praksiserfaringar har tilsette i barnevernet og på barnevernsinstitusjon med samarbeid med foreldre til ungdom som bur på institusjon?*» For å nyansere studien og sikre at eg fekk identifisere dei fenomenene eg skulle forske på laga eg 3 forskingsspørsmål, dei er som følgande;

1. Korleis blir foreldra inkluderte under og etter institusjonsplasseringa?
2. Kva opplev dei tilsette som fremjande og hemmande i arbeidet med foreldresamarbeidet?
3. Korleis erfarer dei tilsette det tverrfaglege samarbeidet mellom barnevernet og institusjon?

Forskingsspørsmåla danna først og fremst grunnlag for intervjuguiden til gruppeintervjua, dei vil også vere sentrale når eg skal presentere funn frå studien, samt i drøftinga.

1.2 Sentrale omgrep

I studie vil hovudsakleg ordet barn eller ungdom bli brukt om dei som bur på institusjon. Om dei tilsette i barnevernet og på institusjon vil eg veksle mellom profesjonelle, tilsette og miljøterapeutar (gjeld dei tilsette i institusjon). I teoridelen kan ord som foreldre, klient, bruker, føresette bli brukt for å formidle teori og kunnskap om tema. Dei ulike faggruppene eg vil forske på er tilsette i kommunalt barnevern og tilsette i statleg barnevern. Med tilsette i kommunalt barnevern og på statleg barnevernsinstitusjon meiner eg ei samansetning av ulike fagtitlar som for eksempel sosionomar, barnevernspedagogar, vernepleiarar eller andre relevante profesjonar.

1.3 Avgrensningar i studien

Grunna omfanget av oppgåva vart det nødvendig å avgrense. Oppgåva handlar om tilsette i kommunalt barnevern og tilsette ved statleg omsorgsinstitusjon sine praksiserfaringar og opplevingar med foreldresamarbeid. Studie er også avgrensa til å handle om foreldra til ungdom som vert plassert på omsorgsinstitusjon på frivillig samtykke frå foreldra. Stort sett høyrer ein om saker der barnevernet har fråtatt foreldra omsorga for eigne barn, og slike saker har ofte eit negativt framstilt bilete. Når foreldra har samtykka til ei plassering samtykker dei samstundes til eit samarbeid. Dette gir både institusjonen og barnevernet større moglegheit for å arbeide med familien, og i større grad kunne utforske kva den enkelte har behov for.

1.4 Oppgåva si oppbygging

Kapittel 2 i oppgåva tek føre seg begrunning for val av tema og problemstilling, samt rammer og tidlegare forskning. I kapittel 3 vil eg beskrive ulike teoretiske perspektiv. Eg vil i dette kapitlet starte med å ta opp systemisk forståing, vidare vil eg skrive om foreldresamarbeid og kva som er viktig for å få til eit godt samarbeid, til slutt om tverrfagleg samarbeid. I kapittel 4 diskuterer eg mitt val av metode, beskriv gjennomføringa av studien og analyseprosessen av det ferdige datamateriale. I kapittel 5 blir hovudfunna i studien presenterte, i kapittel 6 drøftar eg desse funna opp mot tidlegare forskning og teoretiske perspektiv. Til slutt vil eg skrive ei avslutning i kapittel 7.

Kapittel 2. Rammer, føringar og tidlegare forskning

I ein veiledar frå barne- og likestillingsdepartementet (2009) kalla *oppfølging av foreldre med barn/ungdom plassert i fosterheim eller på institusjon* legg dei vekt på korleis barnevernet kan legge til rette for eit godt samarbeid med foreldre til barn plassert utanfor heimen (barne- og likestillingsdepartementet, 2009). Dei skriv blant anna at kva enkelt familie er unik, og at strategiane for å få kontakt med foreldra vil variere ut frå situasjonen. Dei belyser likevel nokre viktige generelle eigenskapar som krevjast av kontaktpersonane, for eksempel fleksibilitet, openheit og evne til å anerkjenne foreldra sine livserfaringar. Ansvar som barnevernstenesta har er beskrive slik; «Barnevernstenesta har eit oppfølgingsansvar for barn og foreldre når barn eller ungdom er plassert i fosterheim eller på institusjon som eit hjelpetiltak eller etter ein omsorgsovertaking» (Barne- og likestillingsdepartementet, 2009). Det blir belyst ulike metodar, utfordringar og moglegheiter og er meint som ei hjelp til tilsette i barnevernet. Vidare har veiledaren har spesielt fokus på at ei betre oppfølging av foreldra vil gagne barnet/ungdommen og at det derfor vil vere viktig å sjå familien som ein heilheit og ikkje som enkelt individ med kvar sine utfordringar.

I regjeringa sin strategiplan for foreldrestøtte kalla «*trygge foreldre -trygge barn*» (2018-2021), kjem dei med ei rekke tiltak som skal bidra til betre støtte for familiar med behov for bistand. Strategiplanen beskriv innleiingsvis at omsorg og oppdraging er kjernen i foreldreskapet. Vidare beskriv dei at alle foreldre møter på dilemma, små og store kriser og utfordringar i familien. Det er derfor viktig at dei foreldra som ikkje maktar å gi barna det dei treng og har krav på, får bistand frå det offentlege så tidleg som mogleg (Barne- og likestillingsdepartementet, 2018). Eit av tiltaka eg blant anna ser på som viktige i denne strategiplanen er det som handlar om fleire hjelpetiltak samstundes.

2.1 Retningslinjer for hjelpetiltak jf. Barnevernlova

Det kommunale barnevernet arbeider etter lov om barneverntenester (barnelova). Lova sitt formål er følgjande; «*Loven skal sikre at barn og unge som lever under forhold som kan skade deres helse og utvikling, får nødvendig hjelp, omsorg og beskyttelse til rett tid. Loven skal bidra til at barn og unge møtes med trygghet, kjærlyhet og forståelse og at alle barn og unge får gode og trygge oppvekstvilkår*». (Barnevernlova, 1993, §1-1)

«Etter barnevernloven § 4-4 sjette ledd kan barneverntjenesten som frivillig hjelpetiltak formidle plass til barnet i fosterhjem, institusjon eller omsorgssenter for mindreårige. Bestemmelsen tar sikte på formidling av heltidsplasseringer av kortere varighet» (Barnevernlova, 1993, §4-4). I studien min har eg avgrensa foreldresamarbeidet til å handle om foreldre til ungdom som er frivillig plassert på institusjon. Under lovverket for hjelpetiltak står det spesifisert at plassering frå barnevernstjenesten på §4-4.6 ledd kan kun skje med foreldra sitt samtykke, omsorgen for barnet vert utført på vegne av foreldra av andre, i dette tilfellet tilsette ved institusjonen (Regjeringen, 2016). I retningslinjene for hjelpetiltak legg dei også vekt på at eit samarbeid med foreldra er avgjerande for hensikta med plasseringa. Til tross for at institusjonen er den daglege omsorgsbasen til ungdommen har foreldra framleis foreldreansvaret, og det er viktig at eit samarbeid blir oppretta så tidleg som mogleg (Regjeringen, 2016).

2.2 Det biologiske prinsipp

Eg vil starte med å beskrive det biologiske prinsipp for å forsøke å gi ein forståing av grunnlag for plassering av ungdom i barnevernsinstitusjon. Det biologiske prinsipp er ein av grunnverdiane i samfunnet vårt, og handlar om at eit biologisk faktum er det at menneske fører vidare slekta ved å få barn. Dette dannar grunnlaget for det biologiske prinsipp og for det rettslege grunnlaget i forholdet mellom foreldre og barn (Bunkholdt & Sandbæk, 2012, s. 33). Ein av dei universelle menneskerettigheitane er rett til respekt for familieliv jf. den europeiske menneskerettigheitskonvensjonen. Konvensjonen legg vekt på at barn skal sikrast rett til å bli kjent med sine foreldre og få omsorg frå dei, på den andre sida opnar konvensjonen opp for at barn kan bli skilt frå sine foreldre dersom omsorga dei får ikkje er tilstrekkeleg god nok eller er til skade for barnet (Bunkholdt & Sandbæk, 2012, s. 33). Ut frå dette skal barnevernet i stor grad jobbe for at barn skal vokse opp hjå foreldra sine, og at den hjelpa barnevernet gir ut frå barnevernlova skal gis for at barn skal kunne bu heime (Bunkholdt & Sandbæk, 2012, s. 33).

Samstundes hender det at barnevernet tek vurderingar og beslutningar ut frå barnevernlova om å ta frå foreldreomsorga frå barna og plassere dei i fosterheim eller institusjon. I dei tilfella der barnevernet set inn hjelpetiltak kan foreldra samtykke til plassering av eige barn utanfor heimen, då for eksempel i institusjon eller fosterheim (Bunkholdt & Sandbæk, 2012, s. 34) Vidare stiller Bunkholdt & Sandbæk (2012) spørsmål til om forholdet mellom barn og

foreldre handlar om biologi eller tilknytning og stabilitet (Bunkholdt & Sandbæk, 2012, s. 34). Slik eg ser det opnar ei frivillig plassering opp for eit anna og kanskje mindre konfliktfylt samarbeid mellom foreldra og barnevernssystemet. Ut frå egne erfaringar opplev eg ein variasjon i grunnlag for plassering utanfor heimen. Nokre gonger kan det vere foreldra og ungdommen sitt ønske, og dei har alle ein tanke om den type hjelp frå barnevernet kan bidra til å styrke familierelasjonane på lang sikt. Andre gonger kan det vere foreldra som ønsker ei plassering, der ungdommen sjølv ikkje har same bilete av utfordringane. Nokre gonger er det ungdommen sjølv som ønsker ei topphald på institusjon, for å kunne arbeide med egne utfordringar på avstand frå foreldra. Med andre ord er det ulike årsaker til at ungdom vert plassert på barnevernsinstitusjon, og dermed mange ulike moglegheiter og fallgruver i samarbeidet med foreldra til desse ungdommane.

2.3 Kven er ungdom i institusjon?

For å forstå litt om kva barnevernet og institusjon arbeider med, og kvifor ulikt samarbeid er viktig vil eg starte med å sjå på kvifor ungdom kjem i institusjon. I ein rapport publisert av NOVA frå 2011 tek Backe-Hansen et.al (2011) føre seg barnevernsreforma frå 2004 si betydning for institusjonstilboda i Noreg. Der poengterer dei blant anna at ein viktig målsetting med barnevernsreforma var ei slags vriding eller dreining frå institusjonsplassering til auka bruk av hjelpetiltak og fosterheim. Dette handla til dels om at det i følgje forskning går dårlegare med barn og unge som har budd i institusjon (Backe-Hansen et.al, 2011). Ungdom som kjem på institusjon kan av ein eller anna årsak ikkje bu heime ein kortare eller lengre periode. I hovudsak er det barn og unge i alderen 12 til 18 år. Forholda som ligg bak årsak til plassering i institusjon kan for eksempel vere forhold i heimen og særlege behov, åtferdsvanskar og rusproblem for ungdommen sjølv, foreldra sine manglande omsorgsevner, psykiske vanskar eller rusproblematikk. Det interessante er at her kjem det fram at ulike tiltaksgrunnlag gir ulik sannsynlegheit for å bli plassert på institusjon, og at det særleg er rus og åtferdsvanskar for ungdommens del og foreldra sine nedsette/dårlege omsorgsevner som skil seg ut (Backe-Hansen et.al, 2011).

2.4 Bufetat - statleg barnevern

«Staten sitt ansvar for barnevernet er delt mellom Barne- og likestillingsdepartementet (BLD), Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet (Bufdir), Barne-, ungdoms- og familieetaten (Bufetat), statsforvaltaren og fylkesnemnda for sosiale saker» (Bufdir, 2010). Samarbeidet mellom kommunalt og statleg barnevern er organisert i fem ulike regionar, med Bufdir som overordna organ. Bufetat skal etter anmodning bistå barneverntenesta kommunane med plassering av barn utanfor heimen, desse oppgåvene er definert i barnevernlovas § 2-3. Bufetat har eit ansvar for etablering og drift av institusjonar og for å godkjenne private og kommunale institusjonar vert brukte etter barnevernlova (Bufdir, 2010).

Bufetat tek oppdrag frå det kommunale barnevernet når kommunen søker om plass ved institusjon. Det vert gjennomført ei vurdering av eining for inntak i bufetat der det vert vurdert om institusjonen kan tilby den hjelpa og dekke dei behova ungdommen og familien har (Bufdir, 2010). I dette studie har eg avgrensa tematikken til plassering på frivillig samtykke. Det vil i barnevernlova §4-4 seie frivillig plassering i fosterheim eller institusjon. (Barnevernlova, 1993, §4-4) Omsorgsinstitusjonar har som regel plass til 4-6 ungdommar ved kvar avdeling, og maks opphaldstid er 9 månadar. Til tross for dette ser ein at det ofte strekk seg over den anbefalte opphaldstida (Bufdir, 2010). Det kan vere ulike årsaker til nettopp dette.

«Institusjonane skal bidra til å gi barn trygge rammer, utviklingsmoglegheiter, auka livskvalitet og varige, positive endringar i livet deira» (Prop 133 L (2020-2021), s. 47). Det betyr at barn skal bli både høyrd og sett, ivaretatt, møtast med omsorg, stabilitet og forutsigbare rammer (Prop 133 L (2020-2021), s. 47). Samstundes skal opphald på institusjon førebu barnet på overgangen til kvardagen som ventar dei etter endt opphald. Då må barnevernstenesta, i samarbeid med institusjonen sette klare mål for opphaldet og ha konkrete planar for barnevernets rolle av barnet etter opphaldet (Prop 133 L (2020-2021), s. 47). Eit institusjonsopphald skal ikkje fungere som et isolert tiltak i seg sjølv, men som ein del av eit heilheitleg tiltak som ivaretek barnets behov for eit trygt og godt liv. Den type heilheitleg tenking forutset eit godt samarbeid mellom statleg og kommunalt barnevern, men også med andre instansar kring barnet og familien (Prop 133 L (2020-2021), s. 47).

2.5 Standardisert forløp i omsorgsinstitusjon

Standardisert forløp blir nytta i alle bufetat sine omsorgsinstitusjonar. Implementering av standardisert forløp skal sikre virkningsfulle tiltak for ungdom og familiar (Bufetat, 2019). Målet er at standardisert forløp skal bidra til eit heilhetleg tilbod der desse punkta vert vektlagd;

- Medverking frå barn og foreldre eller føresette.
 - Rett forståing av situasjonen.
 - Rett hjelp.
 - Samarbeid med andre etater og nettverk.
 - Gode planer for kva som skal skje etter utflytting.
- (Bufetat, 2019).

Institusjonen skal blant anna ha ein helseansvarleg, skuleansvarleg og familieansvarleg. Bufetat er opptatt av at ungdom og foreldre skal kunne medverke når dei skal tilrettelegge og planlegge eit opphald på institusjon for ungdommen. For eksempel skal institusjonen legge til rette for vekentleg kontakt med foreldra, dei skal bli invitert i ansvarsgruppemøter, involverast i evalueringsrapportar som blir utarbeida kvar tredje månad, score ut «fornøydheitsskjema» og elles involverast generelt i ungdommens liv. Standardisert forløp har blant anna familieråd som ein av oppgåvene, dette skal bidra til at tiltaksansvarleg for ungdommen samt barnevernstenesta har sjekka ut moglegheita for å gjennomføre familieråd i saka. I eit familieråd får dei involverte instansar og personar i familie eller nettverket til ungdommen ein anledning til å treffast for å samarbeide om en plan som kan bidra til ein betre situasjon barnets og familien (Bufdir, 2019). I eit familieråd er det stort sett ungdommen som avgjer kven som skal vere deltakarar, og det er alltid ein familierådskoordinator som er ansvarleg for prosessen.

2.6 Kunnskapsstatus

I denne delen vil eg gjere grei for eksisterande forskning som er relevant for mitt studie og som kan bidra til nye refleksjonar kring mitt tema. Eg har bevisst valt å fokusere på tidlegare forskning som belyser kven ungdom på barnevernsinstitusjon er. Dette for å få eit innblikk i kva den type ungdom og deira foreldre kan ha behov for. Vidare har eg tatt med forskning som beskriver roller i arbeidet med familiar, maktbalanse og korleis samarbeid kan bidra til å

forme foreldra si oppleving av bistand i møte med systemet rundt. Tillit og relasjonar står sentralt i mitt studie, og det var derfor naturleg å søke eksisterande forskning om dette. Til slutt vil eg belyse forskning som er gjort på overgangar og tilbakeføring, og korleis gjere desse så gode som mogleg. Samt barnevernets moglegheiter ved bruk av familieråd.

2.6.1 Ressursperspektiv på familien

Psykolog og tidlegare familieterapeut Gerdt Henrik Vedeler (2011) peikar på korleis ein kan nytte familien som ressurs i psykososialt arbeid. Han legg vekt på at familien dannar base for beskyttelse, utvikling i tidlege leveår og at desse har konsekvensar for resten av livet. Vedeler (2011) er opptatt av at eit ressursorientert familiearbeid i ein eller anna form bør vere eit metaperspektiv i alle saker innan psykisk helsevern, barnevern og andre tenester av psykososial faktor (Vedeler, 2011, s. 264). Vidare viser han til familien som hjelpeinstans for ungdommen, og han er opptatt av korleis språk kan forme måten både terapeut og familien ser på seg sjølv. Vedeler (2011) tematiserer familieterapeutisk forskning og trekk fram systemisk tenking og sikrulær kommunikasjon og peikar blant anna på at familiemedlemmane aldri er uavhengig av kvarandre og sine omgivningar (Vedeler, 2011, s. 268).

Kva perspektiv og syn dei tilsette i barnevernet har på familien og dens utfordringar vil vere avgjerande for kva tiltak og løysningar dei finn. Vedeler (2011) meiner at kvar enkelt person i ein familie sine handlingar vil påverke dei andre familiemedlemmane. I sin studie fann Bingle og Middleton (2019) at barnevernet ofte kan søke ei årsak-virkning forklaring i sin tankegang, og dermed ikkje ser familien som ein heilheit der dei sirkulært påverkar kvarandre. Bingle og Middleton (2019) har analysert innføring av systemisk orientert veiledning i barnevernet gjennom grupperefleksjon. Dei argumenterte for at det var ein spenning mellom systemisk tenking og den faglege tenkinga i barnevernet, der søken etter ei forklaring eller ei årsak på utfordringane ofte var måten dei tilsette tenkte på. Dei la vekt på at det synes å vere viktig å finne riktig svar, og at det dermed vart vanskeleg å fremja fleire potensielle hypotesar. Studien deira viste korleis saksbehandlaren i barnevernet blei dratt i retning mot ein lineær årsak-virkning forståing. Bingle og Middleton viste til fleire andre studier som igjen peika på at ein slik forståing ofte vart godtatt, men sjeldan fekk fram kompleksiteten i ein sak (Bingle og Middleton, 2019).

2.6.2 Samarbeidsrelasjonar i praksis

For å kunne samarbeide, må ein forstå kva samarbeid inneberer og kva som definerer eit godt samarbeid. Ødegård og Willumsen (2012) har gjennomført ein kvalitativ studie av korleis tenesteytarar som arbeider med barn og unge forstår omgrepet samarbeid. Informantane skulle fylle ut eit skjema der dei beskreiv deira erfaringar med samarbeid. Heile åtte suksessfaktorar for godt samarbeid, og åtte faktorar for mindre vellykka samarbeid vart identifiserte.

Ødegård og Willumsen (2012) utvikla ein modell som skal beskrive ulike typar samarbeid, denne modellen hadde to dimensjonar; planlegging og relasjonar. Tanken til Ødegård og Willumsen var at leiarar og tenesteytarar kan nytte seg av denne modellen som eit analyseverktøy for å utvikle sine samarbeidskunnskapar, i for eksempel ansvarsgrupper (Ødegård og Willumsen, 2012). For eksempel delte dei nokre av dei relasjonelle aspekta i modellen inn i kategoriane *respekt/mangel på respekt*, *likeverdige/maktoriering*, *god dialog/dårleg dialog* og *felles innsats/solospel*. Studien legg vekt på at koordinering av barn og unges hjelpetilbod i praksisfeltet ikkje kan reknast som tilstrekkeleg då dei profesjonelle ikkje har nok kunnskap om kvarandre sine tilbod og tenester. For å oppnå ein god samarbeidsprosess har funn frå denne studien vist at gjensidig respekt, likeverdighet, gode dialogar og felles innsats er faktorar som er avgjerande. Planlegging av samarbeidet kjem også fram som ein viktig faktor for å lykkast, det kan blant anna handle om felles mål, møtetider og avklare rollar (Ødegård og Willumsen, 2012).

Maktforholdet som utartar seg mellom dei tilsette og familien i hjelpesystemet vil uavhengig av kontekst vere tilstades. I ein kvalitativ studie gjennomført i Sverige av Ingrid Höjer vart 13 foreldre som var fråtatt omsorga av sine barn intervjuja. Höjer legg i sin studie vekt på samanhengen mellom makt og samarbeid. Funna i studien viser at dei foreldra som opplever å vere i ein makteslaus posisjon i samhandling med barnevernet synes å kjenna på ei form for straff for den påståtte omsorgssvikta barnevernet meinte dei hadde påført barna sine (Höjer, 2011). Foreldra meinte sjølv at barnevernet hadde meir fokus på barna enn på dei sjølv, og at deira sorg ikkje blei sett eller forstått av dei tilsette. Foreldra i studien som derimot beskrev eit positivt samarbeid la vekt på at dei vart lytta til, og at barnevernet hadde fokus på foreldra sine styrker. I desse sakene kan det også sjå ut som at foreldra si rolle i barna sitt liv blei meir

positiv. Til tross for at foreldra i denne studien hadde blitt fråtatt omsorga for sine barn og at mitt studie omhandla eit frivillig samtykke til plassering kan det trekkast mange likskapar mellom foreldra sine behov for å bli sett og forstått, og ikkje minst det maktforholdet dei tilsette bør vere bevisst i møte med foreldra.

Å arbeide med relasjonar innad i familien kan vere krevjande for profesjonelle som møter familien. Det betyr at den profesjonelle må søke forståing og lytte til det både foreldra og ungdommen formidlar. Lena Catrine Westby (2021) har skreve ein doktorgradsavhandling om sårbare barnefamilars erfaringar frå møter med norsk barnevern. Avhandlinga tek utgangspunkt i eit større barnevernsprosjekt kalla Det Nye Barnevernet, der eit av hovudfunna var at dei mest sårbare familiane er dei som mottek minst bistand til å forbedre familiefungeringa. Hennar funn viser tydeleg marginalisering av familiar som er i langvarig kontakt med barnevernet. Westby (2021) har gjennom sin avhandling identifisert korleis marginaliseringsproblematikk i møte med barnevernfeltets fag og verdigrunnlag skapar barrierar for samarbeid mellom sårbare familiar og barnevernet (Westby, 2021). Eit funn i avhandlinga dreiar seg om ei mor si oppleving av riktig bistand frå ein sakshandsamar i barnevernet. Mora beskriv kjenneteikn hjå sakshandsamaren som ærleg, jordnær, menneskeleg og stiller opp. Dette meinte ho var avgjerande for at relasjonen innebar tillit og god kommunikasjon. I avhandlinga kjem det også fram at nokre informantar tenker det er mogleg å få ny tillit til barnevernet dersom det skjer ei endring, og ein møter riktig person. Opplevinga av å bli møtt på ein god måte synes å vere avgjerande. Desse funna syner betydninga av at dei tilsette heile tida søker å forstå foreldra, og å validere følelsar knytta til tidlegare erfaringar (Westby, 2021).

2.6.3 Fokus på god overgang etter institusjon

Jessen & Backe-Hansen (2017) gjennomførte eit prosjekt kalla «unge vaksne – familietilknytning etter plassering i barnevernet». Dei nytta fokusgruppeintervju av foreldre, leiarar av fylkesnemnder og barnevernsansatte samt analyse av 52 omsorgsplanar i 12 kommunar. Hensikten var å komme fram til kunnskap om korleis barn som blir plassert i barnevernstiltak, kan klare seg betre som vaksne (Jessen & Backe-Hansen, 2017). Rapporten viser til behov for eit livsløpperspektiv. Til tross for at ein ungdom er plassert på institusjon for ein periode er foreldra viktige, dei har også dei juridiske rettighetene i forhold til ungdommen. Institusjon har gjerne ansvar for den daglege omsorga, og dei tilsette ved

institusjonen vil vere ein viktig emosjonell og relasjonell støtte. På tross av dette har ungdommen familien og foreldra sine livet ut, dei tilsette er kun der i ein kort periode. I denne perioden vil det vere avgjerande korleis dei tilsette klarar å komme i posisjon til å vere ein god hjelpar som ser kva behov familien har vidare etter endt plassering. Jessen og Backe-Hansen (2017) skriv; Grunnlaget for kontinuitet i relasjon mellom foreldre og barn som er plassert utanfor heimen, vert lagt medan barnet er plassert (Jessen og Backe-Hansen, 2017, s. 39). Vidare peikar dei på betydninga av å undersøke kva ungdommen treng etter endt hjelpetiltak, og at hjelparen alltid må ha med seg dette i tankane når samarbeidet med familie og eksterne utformast (Jessen og Backe-Hansen, 2017, s. 13).

Relasjon og relasjonsarbeid vert lagt stor vekt på i denne studien og viser seg å vere betydningsfullt i arbeidet hjelparen kan bistå med innad i familien. Dei viser også til at relasjonen mellom institusjonspersonale og ungdommen kan ha stor betydning for dei relasjonane ungdom utviklar vidare i livet. Jessen & Backe-Hansen (2017) peikar også på at det er viktig å vere bevisst den avstanden som vert skapt når ein ungdom flyttar frå foreldra og inn på institusjon eller i fosterheim. Utfordringane som er knytta til familierelasjonar og dei eventuelle problema foreldra synes å ha vert i følgje denne rapporten ikkje tatt godt nok tak i før overgang eller tilbakeføring skjer (Jessen og Backe-Hansen, 2017, s. 110).

I ein studie gjort av Paulsen (2016) om ettervern og overgang frå barnevernstiltak for ungdom vert det retta fokus mot ungdommens oppleving av ettervern og overgangen frå barnevernstiltak til vaksenlivet. Artikkelen bygger på intervju med 43 ungdommar i alderen 17–26 år som har eller har hatt tiltak frå barnevernet, og bidreg til å belyse ettervern frå ungdommens ståstad. Paulsen (2016) undersøker her korleis ungdommen opplev å kunne medverke til overgangen, kva individuell prosess ungdommen går gjennom og korleis barnevernet følger opp og legg til rette for ein god overgang til vaksenlivet (Paulsen, 2016). Funn frå hennar studie syner stor variasjon i opplevinga av støtte. Blant anna legg nokre av ungdommane vekt på at støtta kjem i form av økonomiske eller praktiske forhold, og at dei saknar ei emosjonell støtte frå ein voksen omsorgsperson (Paulsen, 2016). Det ser også ut til å vere forskjell mellom dei som har motteke hjelpetiltak og dei ungdommane som har motteke omsorgstiltak, dei som har vore under barnevernets omsorg mottek oftare ettervernstiltak, og gjerne ettervernstiltak over lengre tid enn dei som har hatt hjelpetiltak (Paulsen, 2016).

Ei viktig oppgåve som skal gjennomførast i overgangsfasen i det standardiserte forløpet er å kartlegge behovet for eit familieråd. I ein studie om anvendelse av familieråd i barnevernet viser Saus et.al (2017) til at familieråd generelt blir lite brukt i barnevernsarbeid, på tross av at både private og offentlege aktørar er begeistra for modellen. «Familieråd er ein beslutningsmodell som blir brukt i blant anna barnevernssaker. I eit familieråd kjem barnet, foreldra og ein utvida familie saman for å drøfte kva som kan betre barnets omsorgssituasjon» (Saus et.al, 2017). Studien er gjennomført gjennom kvalitative intervju med 16 barnevernsarbeidarar om deira erfaringar knytta til oppfølgingsarbeidet etter gjennomført familieråd. Familieråd vert nytta for å identifisere ein eller fleire nøkkelpersonar i barnet sitt nettverk, og dermed kunne styrke relasjonen mellom desse personane og barnet. Etersom familieråd vert nytta som ein form for kartlegging og relasjonsarbeid, og kan initierast av både barnevernet og institusjon er det interessant å undersøke kor vidt mine informantar nyttar seg av det.

2.7 Kort oppsummering av kunnskapsstatus

Oppsummert viser desse studia at både ungdom og foreldre har både individuelle behov, men også samla behov som ein familie på tross av at ungdom er plassert ut av heimen. Korleis dei tilsette arbeider med både foreldra og ungdommen for at relasjonar skal styrkast og betrast under den tida ungdommen bur på institusjon kan vere avgjerande for tida etter institusjonsopphaldet. Nokre av studia peikar på at tilsette bør arbeide meir systemisk med kvar familie for å sikre seg at alle behov og utfordringar blir tatt omsyn til. Relasjon og samarbeid heng tett saman, og fleire av desse studia viser til korleis tilsette bør opptre for å komme i posisjon til eit godt samarbeid med foreldre. Dei tilsette skal ha både eit barneperspektiv samstundes som dei har eit foreldreperspektiv, og kva tilnærming dei tilsette har vil vere avgjerande for om dei lykkast. Nokre av studia belyser også det viktige arbeidet dei tilsette kan gjere medan ungdommen bur på institusjon, og kor viktig det er å samarbeide både med foreldra, men også med andre instansar for å sikre eit heilheitleg tilbod. Forsking viser også at familieråd blir i stor grad nytta av både stat og kommune, men at tiltaka i etterkant av eit familieråd har mangelfull oppfølging av dei tilsette.

Kapittel 3. Teoretisk bakgrunn

Det er eit gjensidig påverknadsforhold mellom forskaren sitt teoretiske utgangspunkt og det mønsteret som kjem fram gjennom data (Thagaard, 2018, s. 33). Dette kapittelet vil ta føre seg teoretisk rammeverk som vil bli brukt til å drøfte hovudfunna mine seinare i oppgåva, samt belyse min problemstilling. Eg vil presentere systemisk familieforståing der eg vil sjå på korleis systemisk tenking kan bidra til å sjå familien i eit større og meir heilheitleg perspektiv. Deretter vil eg belyse tillit i relasjonsarbeid sett opp mot maktforhold og eventuelle barrierar for samarbeid. Så vil eg sjå på kva eit tverrfagleg samarbeid er, og kvifor eit slikt samarbeid mellom dei tilsette kan vere avgjerande i arbeidet med ungdom og familie.

3.1 Systemisk perspektiv i arbeidet med familien

Systemisk forståing er mykje brukt innan familierapi-feltet. Samstundes er denne tenkemåten hensiktsmessig for å kunne reflektere rundt min eigen problemstilling. I den systemiske forståinga forstår vi familien som eit system med eit kontinuerleg, gjensidig sirkulært samspel mellom medlemmene (Frøyland, 2017, s. 21). Systemisk forståing vart utvikla på bakgrunn av at fleire profesjonelle som arbeida med familiar opplevde at dei stod fast når dei arbeida på ein individretta måte. Dei søkte derfor nye måtar å handle på, som kunne gi betre resultat i terapien (Frøyland, 2017, s. 23). Systemisk tenking handlar om å sjå familien som eit system som gjensidig påverkar kvarandre. For eksempel kan ein seie at ein ungdom sine symptom ikkje treng å vere relatert til foreldra, men andre familiemedlem eller familiens ytre situasjon som for eksempel økonomi og bustad (Johnsen og Torsteinsson, 2012, s. 124). For å kunne hjelpe ungdom og foreldre og forstå kva behov dei har må tilsette som arbeider med familien forsøke å finne vegar til forståing. Nokre forutsetningar for å kunne ha eit systemisk perspektiv på familien vil for eksempel vere å søke forståing av ungdommen sine symptom i ein relasjonell samanheng utan å legge skulda på foreldra (Johnsen og Torsteinsson, 2012, s. 124). Dette leder oss inn i linære tankegangar, istadenfor å nytte sirkulær tenking. Eg vil vidare beskrive kva som meinast med linære og sirkulære hypotesar.

3.1.1 Hypotesar som grunnlag for forståing

Kommunikasjon er ein viktig del av den systemiske forståinga. Tilsette som arbeider med familiar og relasjonar, vil ofte gjerne forsøke å finne ein årsak eller ein grunn for korleis utfordringane oppstod, og på den måten danne seg eit bilete av familien (Frøyland, 2017, s. 21). Den systemiske forståinga skil mellom linære hypotesar og sirkulære hypotesar. Sirkulære hypotesar innleiast med linære hypotesar. Menneskeleg åtferd er for kompleks til å kunne forklarast som ein linær årsakssamanheng. Å studere samspel som sekvensar som stadig vert repetert i eit sirkulært mønster gir betre forståing av den enkelte si åtferd (Johnsen og Torsteinsson, 2012, s. 128). Ut frå dette perspektivet kan vi seie at tilsette heile tida bør forsøke å sjå familien i ein sirkel der kvar og enkelt sine handlingar påverkar kvarandre.

Eit eksempel på ein linær hypotese kan vere: «ungdommen har åtferdsvanskar fordi foreldra ikkje set nok grenser for han». Med ein utvida sirkulær hypotese vil den profesjonelle tenke slik; «kanskje er det slik at foreldra set grenser for ungdommen, men han blir mobba av nokre elevar på skulen, og enkelte dagar er verre enn andre». På denne måten ser vi ikkje på ein av personane i familien som grunnlaget for utfordringane, men ein er ute etter å sjå familien i sin heilheit, og kva ytre faktorar som kan påverke den enkelte. Målet med å lage hypotesar er ikkje å identifisere sanninga om familien men å søke nyttig forklaring om familien som heilheit ut frå informasjonen ein har (Johnsen og Torsteinsson, 2012, s. 127).

I vårt daglegdagse språk og våre alminnelege måtar å beskrive hendingar på nyttar vi oftast linære beskrivingar og tankegangar. Dette handlar om at med linær tenking forstår vi årsakssamanheng som at ei hending fører til noko anna, og at årsak og virkning er fråskilt kvarandre (Frøyland, 2017, s. 25). Som menneske ligg det naturleg for oss og leite etter ein årsak til eit problem, vi har ein ide om at det må til for å løyse problemet. Som profesjonell med ein linær tankegang kan ein risikere å stå fast i eit spor og legg skulda for utfordringane på ein av partane i samhandlinga (Frøyland, 2017, s. 25).

Sosialantropologen Gregory Bateson har vore ein viktig inspirator i utviklinga av den systemiske forståinga, han meinte at vi må gå frå objekts- til relasjonstenking om alt som er levande. Med dette meinte Bateson at alle biologiske former er knytta saman i relasjonar, i eit gjensidig og sirkulært samspel (Frøyland, 2017, s. 26). Bateson meinte vi oppfatta verden av ulike forhold, ikkje av objekt og dermed blir nøydtt til å sjå på ulike forhold ved enkeltindivid i familien som noko som påverkar andre familiemedlemmar (Johnsen og Torsteinsson, 2012, s. 128). Å sjå på menneske som subjekt krev at ein har tru på kvart enkelt menneskes

kompetanse og moglegheiter. Det handlar om menneskesynet den profesjonelle har, og korleis det stadig vil vere viktig å ha fokus på å lytte til seg sjølv og andre, vise respekt og vere interessert i den andre si historie (Frøyland, 2017, s. 34). Det subjektive menneske opplev, føler, tenker og handlar. Mennesket sine opplevingar av seg sjølv er subjektive, og dermed sanne for det enkelte individ (Røkenes & Hansen, 2017, s. 51). Dersom profesjonelle evnar å sjå familien i eit sirkulært samspel der alle sine handlingar påverkar kvarandre vil det vere vanskeleg å seie noko om årsaka til utfordringane, dermed kan den profesjonelle bli mindre opptatt av skuld og moralisering, og heller vise medkjensle for alle partar (Frøyland, 2017, s. 27).

Eg vil eg undersøke om dei tilsette si forståing av ungdom og foreldre er prega av ei slik sirkulær tenking. Dette vil vere eit viktig perspektiv i prosessen med å arbeide parallelt med ungdom og foreldre medan ungdommen er plassert på institusjon. Relasjon ligg til grunn for menneskets utvikling og læring og vi kan få auge på sider ved oss sjølv vi ikkje var klar over i møte med andre. Å vere i stand til å legge til rette for ein god prosess og kvaliteten på relasjonen mellom fagperson og den andre vil vere heilt avgjerande (Jensen og Ulleberg, 2019, s. 40).

Skau (2017) viser til at i alle relasjonar er tillit grunnleggande mellom menneske. Tillit kan verken krevjast eller føresjåast, men det er noko ein må gjere seg fortent til (Skau, 2017, s. 35). I den systemiske tenkinga har den profesjonelle eit ansvar for den andre, og for å gjere det ein kan for å legge til rette for eit tillitsfullt samarbeid med den andre. Det handlar i stor grad om å tru på den andre og systemets egne ressursar og at oppgåva til den profesjonelle blir å lokke fram desse (Frøyland, 2017, s. 33). Familien bidreg til å påverke og forme relasjonar i andre system, altså har menneske med seg samspel og relasjonserfaringar frå familien sin inn i nye relasjonar (Frøyland, 2017, s. 61).

Det som skjer mellom familiemedlem kan vere overførbart til andre system. I ein systemisk samtale mellom den profesjonelle og den andre er det viktig å vere spørjande og undrande. Ein veit ikkje kva som er problemet, kva som er samanhengen mellom problem og kontekst, eller ei kva som er best for den andre (Frøyland, 2017, s. 77). Gjennom måten den profesjonelle stiller reflekterande spørsmål på utfordra ein den andre til å sjå seg sjølv og situasjonen på ein ny måte, det kan bidra til at den andre får nye tankar og løysningar eller val (Frøyland, 2017, s. 77).

Det er fleire faktorar som bidreg til ein god samtale. Det kan for eksempel vere det at den profesjonelle likar den andre, å like den ein snakkar med er kanskje det mest grunnleggande for å forsøke å skape eit godt samarbeidsklima (Frøyland, 2017, s. 79). Ein anna faktor kan vere at den profesjonelle inntek ein ikkje-vitande haldning. Det handlar om å ha empati for den andre, og gjennom kroppsspråket bekrefte at ein kan sette seg inn i situasjonen den andre formidlar. Det vil også vere viktig å vere der den andre er, og ikkje der den profesjonelle meiner den bør vere. Det inneberer at den profesjonelle er på same stad som den andre både når det gjeld motivasjon, ulike mål for prosessen og kva type relasjon den andre ønsker å ha til fagpersonar (Frøyland, 2017, s. 81).

Det er samstundes ein balanse mellom å møte den andre der den er og vere der med eigen fagkunnskap, dette handlar om å ta styring i samtalen og vere bevisst over at den profesjonelle og den andre er likeverdige, men ikkje like. Det er den profesjonelle som har ansvar for å leie samtalen slik ein trur er til det beste for den andre (Frøyland, 2017, s. 85).

3.2 Maktforhold i profesjonelt arbeid

Eit viktig forhold ein som tilsett står ovanfor er maktrolla i hjelperelasjonen. Som profesjonell representerer ein ikkje berre seg sjølv, men også eit makt- og hjelpeapparat. Først ein definisjon av makt; «evna eller vegen til å nå sine mål eller ha autoritet eller myndighet» (Jensen og Ulleberg, 2019, s. 184). Michel Foucault problematiserte forholdet mellom makt og kunnskap, og hevda såleis at makt viser seg i relasjonar og må studerast på måten dei kjem til uttrykk i praksis (Jensen og Ulleberg, 2019, s. 184). Foucault er kjent som ein historisk filosof, han er kjent for sine analysar om korleis det moderne mennesket kan anerkjenne seg sjølv og korleis denne erkjenninga er assosiert med maktforhold. Foucault har vore opptatt av at makt er noko positivt som kan bidra til å utvikle individ, ikkje som undertrykking eller tvang (Mik-Meyer & Villadsen, 2007, s. 17).

Den tilsette har gjennom sin faglege kunnskap og sitt profesjonelle språk ei slags form for definisjonsmakt. Definisjonsmakt betyr å ha makt til å definere og beskrive verkelegheita, den tilsette har såleis makt til å få gjennomslag for sin versjon av verkelegheita. Språket er også noko Foucault hevdar har stor makt, og korleis tilsette brukar fagspråket er avgjerande for om den andre opplev eit skeivt maktforhold (Jensen & Ulleberg, 2019, s. 184). Korleis dei

tilsette snakkar både om og til familien vil vere viktig å tenke over, og det kan vere utfordrande å skape medverknad i samarbeidet dersom den ein skal hjelpe ikkje forstår språket dei tilsette brukar. Dei tilsette bør unngå nedlatande og kritiske kommentarar både om og til familien, og på den måten unngå at nokon kjenner seg underlegen i samspelet. Som ein del av profesjonaliteten handlar det om å vedkjenne seg og tydeleggjere makt-forholdet i relasjonen til den andre og dei eventuelle begrensingane det gir (Jensen & Ulleberg, 2019, s. 186).

Eit anna maktforhold i møte mellom profesjonsutøvar og brukar handlar om at den profesjonelle møter brukarar gjennom deira privatliv, og ikkje gjennom profesjon (Jensen & Ulleberg, 2019, s. 185). Dette kallast eit asymmetrisk forhold og kan definerast som at brukaren treng noko frå den profesjonelle. Det kan dreie seg om ulike behov, alt frå økonomi til helsehjelp eller sosiale forhold. Asymmetrien som oppstår i denne relasjonen kan påverke kommunikasjonen mellom aktørane, eit eksempel kan vere sårbare eller marginaliserte familiar i kontakt med barnevernet (Jensen & Ulleberg, 2019, s. 185).

Samstundes hevdar Foucault at makt ikkje er noko ein «har» eller «besitter», og at derfor kan ikkje det person A gjer påverke person B. Han meinte at makt ikkje tek utgangspunkt i eit spesielt punkt eller ein overordna posisjon men at det handla om evna til å påverke frie individ til deira handlingar og deira sjølvopfatning (Mik-Meyer & Villadsen, 2007, s. 20). Dette kan sjåast i samanheng med at samfunnet er i endring og at ein har gått frå å sjå menneske som passive mottakarar av hjelpetenester til hjelpesøkande personar med evna til å vere refleksive i eigne liv (Bunkholdt og Sandbæk, 2012, s. 23). Slik kan vi seie at fagpersonar i større grad kan romme eit samarbeid der både fagperson og den som søker hjelp er deltakande i samhandlinga, og truleg kan det bidra til ei mindre oppleving av avmakt og marginalisering for familiar med ulike utfordringar (Bunkholdt og Sandbæk, 2012, s. 23).

3.3 Tverrfagleg samarbeid

Tverrfaglegheit definerast ofte svært ulikt. Omgrepa tverrfagleg, tverrprofesjonelt, tverretatleg og tverrsektorielt har ulike definisjonar, men vert nytta om kvarandre i ulike settingar. Ifølge Glavin og Erdal (2018, s. 24) er tverrfagleg samarbeid ei arbeidsform når fleire yrkesgrupper arbeider saman på tvers av faggrensene for å nå eit felles mål. Eg vel å nytte tverrfagleg samarbeid som omgrep i mitt studie då eg synes det beskriv samarbeidet mellom

barnevernstenesta og institusjon på ein god måte. Samarbeid mellom alle som arbeider med og for barn og ungdom vil bidra til å både kunne sikre og styrke det totale oppvekstmiljøet for barn. I følgje Glavin og Erdal (2018) peikar fleire utredningar på at det er eit sterkt behov for å styrke dei heilheitlege perspektiva når det gjeld oppvekstvilkåra for barn og ungdom (Glavin og Erdal, 2018, s. 20).

Det er spesielt nokre faktorar tverrfagleg samarbeid kan bidra til, blant anna auka kompetanse, tidleg og betre hjelp, heilheitleg vurdering og betre oppvekstmiljø for barn og unge (Glavin og Erdal, 2018, s. 19). For å kunne vurdere korleis eit barn har det må dei ulike instansane rundt barnet og familien samarbeide tverrfagleg, kun på den måten vil ein kunne danne seg eit heilheitleg inntrykk av situasjonen. Det vil også kunne vere avgjerande at nokon av dei profesjonelle rundt barnet/ungdommen kjenner til familien (Glavin og Erdal, 2018, s. 21). Ungdom og foreldra sine behov bør vera sentrale når profesjonelle skal utarbeide mål for det tverrfaglege samarbeidet. Gjennom å tverrfagleg drøfte ulike problemstillingar rundt ungdom og foreldre kan dei tilsette sikre eit meir heilskapleg og betre tilbod. Barnevernstenesta har som oftast kjent familien lengre enn institusjonen har, og kan på den måten sitte på viktig informasjon som institusjonen treng når ungdommen skal flytte inn.

Det krevst ein innsats og ein vilje frå dei ulike fagpersonane for å få til samarbeidet, det handlar for eksempel om at fagpersonane må vere trygge i rolla si og i det faget dei skal utøve. Vidare kan det tenkast at ein felles forståing av utfordringa eller problemet er ein forutsetning. Dette handlar om at ein må ha eit felles mål å arbeide mot, då er det viktig at dei ulike instansane rundt familien evnar å sjå utfordringar som ligg til grunn (Glavin og Erdal, 2018, s. 33).

Ein anna viktig faktor Glavin og Erdal (2018) legg vekt på for eit vellykka samarbeid, er ansvarsfordeling. Det er viktig at dei ulike instansane kring familien evnar å fordele ansvaret tidleg. På den måten kan ein kartlegge eventuelle barrierar for samarbeidet, kven som skal vere tilstades i møter og kven som har ansvar for kva (Glavin og Erdal, 2018, s. 33). Korleis leiinga i ein etat handterer organisering av samarbeidet vert lagt vekt på som betydeleg for å kunne lykkast. I tverrfagleg samarbeid mellom tilsette i barnevernet og ved institusjon må fokus på foreldra og ungdommen vere sentralt. I alt arbeid med barn og unge er foreldremedverknad og eit godt foreldresamarbeid viktig (Glavin og Erdal, 2018, s. 172).

Barnevernet skal blant anna bidra til å trygge barns oppvekstvilkår og dette krev auka samarbeid om tiltak mellom barnevernstenesta og andre tenester (Glavin og Erdal, 2018, s. 210). Lauvås & Lauvås (2004) trekk fram tverrfagleg samarbeid i praksis og korleis det fungerer i ulike organisasjonar. Dei viser til at det svært ofte kan vere betre moglegheiter for tverrfagleg samarbeid i små kommunale tenester, enn i dei større (Lauvås og Lauvås, 2004, s. 208). Dei legg også vekt på at korleis dei ulike tenestene som skal yte hjelp til sårbare familiar er organiserte, vil ha mykje å seie for korleis samarbeidet med andre instansar blir. For eksempel finst det ulike hierarki av profesjonar, som betyr at profesjonane ikkje er likestilte. Det kan bety at ein profesjon automatisk får meir ansvar enn andre, og at ein anna profesjon kan oppleve å bli marginaliserte og få mindre betydning for samarbeidet (Lauvås og Lauvås, 2004, s. 208). På bakgrunn av dette kan det hevdast at eit tydeleg mål, og gode planar for det tverrfaglege samarbeidet vil vere avgjerande for å lykkast.

Å inkludere foreldre i eit samarbeid mellom instansar synes å vere utfordrande. Foreldra er barnet sine hovudomsorgsgivarar, og dei vil ha sterk påverknad på sine barn og deira utvikling (Glavin & Erdal, 2018, s. 171). Lojaliteten barn har til sine foreldre står ofte sterkt, og dei profesjonelle må forsøke å bruke lojaliteteten som ligg i foreldre-barn forholdet som ein ressurs i arbeidet (Tjersland et.al, 2018, s. 206). Foreldra må orienterast om alt frå utfordringar til framgang i endringsprosessen under institusjonsoppholdet. Det vil vere viktig at dei tilsette avgjer kven som skal formidle informasjon om ungdommen til foreldra, og korleis informasjonen skal gis. Dei tilsette må også forsøke å involvere ungdommen i dette arbeidet, og vere opne med ungdommen om kva som blir delt med foreldra.

Profesjonelle har uttrykt at det største hinderet for å inkludere foreldra i eit samarbeid er terskelen for å drøfte ei utfordring eller ei bekymring (Glavin og Erdal, 2018, s. 66). Barnets utvikling og endring vil bli påverka av det samspelet eller det samarbeidet som skjer mellom dei personane barnet er omringa av. Det vil seie at samarbeidet dei profesjonelle har mellom kvarandre og med foreldra vil påverke utviklinga hjå ungdommen som bur på institusjonen. Når profesjonelle vert spurt om foreldreinkludering i tverrfagleg samarbeid seier dei ofte at dei tenker det er ei stor belastning for foreldra å bli involverte i slike møter. Når ein spør foreldra seier dei stort sett det motsette (Glavin og Erdal, 2018, s. 67).

Kapittel 4. Metode

I dette kapitlet skal eg gjere greie for metoden eg har nytta meg av i studie. Eg vil først beskrive kort val av metode. Deretter beskriv eg korleis gjennomføringsdelen gjekk føre seg, etterfølgt av stegvis beskriving av analyseprosessen. Til slutt vil eg kort gjere greie for eiga forskarrolle og etiske prinsipp.

4.1 Val av metode

Problemstillinga mi «*Kva opplevingar og praksiserfaringar har dei tilsette i barnevernet og på barnevernsinstitusjon med samarbeid med foreldre til ungdom som bur på institusjon*», søker ein forståing av tilsette sine subjektive opplevingar og historiar om foreldresamarbeid. Eg har valgt å spisse det til å handle om frivillig samtykke då eg opplevde at det tidlegare er forska meir på omsorgsovertaking og plassering på tvang enn på dei tiltaka som kjem under frivillig samtykke. Det eg synes er interessant med eit frivillig samtykke frå foreldra er nettopp dei moglegheitane for eit godt samarbeid dette kan gi. Eg har lyst å undersøke kva dei tilsette tenker om eit slikt samarbeid og kva erfaringar dei har frå før av. Eg har lyst at ein drøfting av denne tematikken skal åpne opp for nye forståingar, auka kunnskap frå kvarandre sine historiar og nye tankar om eit samarbeid for framtida.

I mitt studie har eg brukt kvalitativ metode, ein metode eg tenker passar godt til å besvare problemstillinga mi og belyse tematikken. Kvalitative metodar gir grunnlag for å kunne fordjupe seg i og utføre analyser av dei sosiale fenomen ein studerer (Thaagard, 2018, s. 12). Eg har valt eit spissa tema som det har vore forska lite på frå før av, i følgje Thagaard er det i så tilfelle formålsteneleg å nytte seg av kvalitativ metode og det vil stillast store krav til openheit og fleksibilitet i forskninga (Thagaard, 2018, s. 12). Nokre av dei viktigaste framgangsmåtane ein kan nytte for å samle inn kvalitative data er individuelle intervju, fokusgruppeintervju, observasjonar eller dokumentundersøking (Thagaard, 2018, s. 12).

4.2 Utval og rekruttering av informantar

Eg var ute etter å skape drøftingar, delingar og eventuelle diskusjonar innad i gruppene og bestemte derfor at eg ville sette informantar frå dei to ulike tenestene saman til to blanda grupper. Innanfor kvalitative metodar gjer ein eit strategisk utval der ein vel personar som eignar seg til å svare på problemstillinga studie søker å forstå, ut frå deira eigenskapar og

kvalifikasjonar (Thagaard, 2018, s. 54). Problemstillinga i dette studie søker forståing av tilsette sine opplevingar og praksiserfaringar, det vart derfor avgjerande at eg fant miljøterapeutar i institusjon og kontaktpersonar frå barnevernstenesta som mine einheiter. Når eg starta med å søke etter informantar til studie valt eg først å kontakte leiarar ved fleire barnevernstenester og institusjonar. Eg lot det vere opp til leiar i dei ulike tenestene å finne tilsette dei meinte kunne inneha den kompetansen eg søkte.

Gjennom eigen arbeidsstad hadde eg nokre kontaktpersonar i nettverket som eg kunne bruke for å vidareformidle informasjon om studie mitt og dei hjalp meg til å finne relevante deltakarar. Det skal seiast at prosessen var meir omfattande og krevjande enn først tenkt ettersom at eg skulle ha nok informantar til å sette saman to grupper, der begge gruppene skulle bestå av både miljøterapeutar frå institusjon og kontaktpersonar frå barnevernstenester. Eg var også opptatt av å ikkje rekruttere informantar frå eigen kommune ettersom eg tenkte dette kunne påverke studiet dersom eg hadde ein tidlegare relasjon til informantane.

Eg fekk rekruttert nok informantar til å danne to fokusgrupper med seks personar i kvar gruppe. Nokre av informantane var kjent for meg frå før av. Det var ein mann i kvar gruppe, resterande var kvinner. Eg tenker at det ikkje hadde noko betydning for korleis intervjuet var gjennomført, heller ikkje for resultatet etter analysen av data då tematikken i hovudsak ikkje dreiar seg om kjønnsrelaterte faktorar. Eg vel å kalle gruppene for gruppe 1 og gruppe 2. Det var eit breidt spekter på informantane sin alder og erfaringstid frå feltet. Blant miljøterapeutane jobba dei tre frå gruppe 1 ved same institusjon, medan i gruppe 2 hadde eg to frå ulike institusjonar, begge to hadde rollar som avdelingsleiarar. Frå kommunalt barnevern hadde i utgangspunktet tre informantar i kvar gruppe, men ein person frå kva gruppe meldte fråfall. Då sat eg igjen med to i kvar gruppe der informantane kom frå to ulike kommunar.

Dei tilsette ved institusjonane arbeider alle ved omsorgsinstitusjonar som er under Bufetat. Dei tilsette frå kommunale barnevernstenester representerte to ulike kommunar. Informantane mine har variert alder, kjønn og fartstid frå feltet. Informantane er mellom 30 og 60 år, både menn og kvinner, samt det er over 20 års forskjell i barnevernserfaring mellom den yngste og den eldste informanten. Informantane hadde ikkje berre ulik erfaring, men også ulik bakgrunn. Dei fleste av dei hadde bakgrunn som sosionomar eller barnevernspedagogar,

medan ein av informantane ikkje hadde sosialarbeidar utdanning men derimot ei anna relevant utdanning.

4.3 Fokusgrupper

I mitt forskingsprosjekt har eg nytta fokusgruppeintervju. Ved bruk av fokusgruppeintervju står samhandling mellom deltakarane sentralt og intervjuet skal gjennomførast slik at ein kan få ein anna karakter enn den ein får ved individuelle intervju (Malterud, 2018, s. 18). For å kunne svare på problemstillinga har eg samla inn relevant data gjennom gruppeintervju, som seinare vart analysert. Materialet som eg trengte tilgang til i denne oppgåva var tilsette i kommunal barnevernsteneste og tilsette ved statlege barnevernsinstitusjonar sine historiar, tankar, erfaringar og opplevingar knytta til foreldresamarbeid.

Når ein vil utforske fenomen som gjeld felles erfaringar, haldningar eller synspunkt i ulike miljø der fleire personar samhandlar er fokusgruppeintervju ein relevant metode å nytte seg av (Malterud, 2018, s. 22). Eg har valt å nytte meg av fokusgruppeintervju med blanda grupper fordi eg ønsker å få fram ulike opplevingar og meningar om same tema. Å vere godt førebudd er ein viktig suksessfaktor for eit vellykka gruppeintervju. Det er viktig å vere førebudd med teoretiske spørsmål, dei tekniske omstendighetene og praktiske løysningar (Malterud, 2018, s. 29). I førebuingssfasen måtte eg tenke gjennom tid, stad og korleis eg ønska å gjennomføre intervjuet. Eg måtte også vurdere om eg skulle blande dei tilsette i fleire grupper eller skilje barnevernstilsette i ei gruppe og institusjonstilsette i ei anna gruppe. Eg kom fram til at eg ikkje vil få dei viktige diskusjonane og ulike synspunkta dersom eg ikkje blanda gruppene og valte derfor å gå for det.

Malterud beskriv: «Samhandlingsdynamikken i sjølve intervjusituasjonen er heilt avgjerande for korleis du lykkast i å få deltakarane til å dele erfaringar og kunnskap på ein måte som resulterer i fruktbare empiriske data» (Malterud, 2018, s. 29). Fokusgrupper eignar seg først og fremst godt når det er eit avgrensa tema som skal diskuterast, men også når ein vil få fram eventuelle ueinigheiter eller ulike synspunkt (Jacobsen, 2018, s. 161). I mitt prosjekt ville eg ha fram synspunkt frå begge sider av barnevernstenesta og institusjonen, på korleis dei tenker kring foreldresamarbeid, og kva faktorar dei opplev som avgjerande for at det skal fungere. Jo større ulike oppfatningar informantane har om tema som vert diskutert, desto klårare vil dette

komme fram gjennom diskusjon i gruppa. Jacobsen hevdar at fokusgrupper derfor spesielt gir ei god oversikt over kor homogen eller heterogen gruppa er (Jacobsen, 2018, s. 161).

Ulempa med bruk av fokusgrupper kan vere at nokon i gruppa tek stor plass og pratar mykje. Ein kan risikere at ein fri diskusjon i ei fokusgruppe kan føre til at nokon snakkar mykje og lenge, medan andre i verste fall ikkje seier noko (Jacobsen, 2018, s. 163). Eg vil beskrive mine erfaringar kring dette seinare i dette kapitlet.

4.4 Forskingsetikk, personvern og informasjonstryggleik

I all vitenskapleg forskning krevst det at ein som forskar forhold seg til etiske prinsipp som gjeld både internt i eit forskingsmiljø men også i relasjon til omgivnadane (Thagaard, 2018, s. 20). Det første eg starta med i mitt studie var å lage ein prosjektplan som skulle innehalde ei skisse for korleis eg tenkte å gjennomføre dette kvalitative forskingsprosjektet. Prosjektplanen vart godkjent, deretter søkte eg til NSD (Norsk senter for forskingsdata). NSD godkjente søknaden min, det vil i praksis seie at eg fekk løyve til å intervjuje og oppbevare innsamla datamateriale. Etter eg hadde fått godkjenninga frå NSD kunne eg starte prosessen med å rekruttere informantar og gjennomføre intervjua.

Informantane fekk utdelt eit skriv der informasjon om prosjektet var beskrevet, samt dei signerte informert samtykke. Eit informert samtykke handlar om at informantane godkjenner at forskar kan handtere personopplysningar og den informasjonen som kjem fram undervegs i intervjua, samt at informantane i prosjektet er orienterte om kva ein deltaking inneberer (Thagaard, 2018, s. 23). Det er viktig og presisere at informantane når som helst kan trekke sitt samtykke og dermed trekke seg frå deltaking i studie. Eit anna viktig etisk prinsipp i forskning er konfidensialitet. Det handlar om at forskar må behandle innsamla informasjon om informantane konfidensielt og fortruleg (Thagaard, 2018a, s. 24). Deltakarane i studie skal vere sikra at deira anonymitet i presentasjon av resultata er ivaretatt og at opplysningar om identifiserbare personar vert lagra på ein forsvarleg og trygg måte.

I mitt studie har eg forsøkt å vere bevisst på kva konsekvensar det kan innebære for informantane mine å delta i prosjektet. Eg har vore nøye med behandling av opplysningar om informantane og lagra blant anna lydopptak som eg nytta til transkribering på ein lovleg måte gjennom ei nettside med innlogging som høgskulen har godkjent at studentar kan nytte seg

av. Alle sitat og utsagn i dei to intervju er skreve om frå dialekt til nynorsk, dette for å anonymisere informantane og for å ikkje kunne kjenne igjen historiane dei fortalte ut frå kva dialekt dei snakka.

4.5 Gjennomføring av datainnsamling

Thagaard hevdar at alder og kjønn på forskaren kan ha betydning for korleis ein vert oppfatta av deltakarane i studien (Thagaard, 2018, s. 81). Dette handlar altså om at ein som forskar må gjere eiga rolle forstått, og vere bevisst kva som ligg i forskarrolla. I mitt tilfelle starta eg begge intervju med å gi ein kort bakgrunnsinformasjon om meg sjølv, informantane hadde også fått denne informasjonen skriftleg gjennom skrivet dei mottok ved invitasjon til deltaking i studiet. Eg opplevde ikkje at min bakgrunn var viktig for informantane mine, men at det derimot kan vere ein fordel å kjenne til «språket» som blir brukt i intervju, noko eg gjorde ettersom eg sjølv arbeider som miljøterapeut. Informantane snakka blant anna om tiltaksplanar, metodar og forløp eg sjølv var kjent med.

Dynamikken i gruppene var i stor grad både strukturert og i god flyt, til tross for at den første gruppa var fysisk oppmøte og den andre vart gjennomført på teams. I den første gruppa var det ganske likt mellom informantane i forhold til kven som hadde ordet, men eg opplevde at dei påverka kvarandre med å starte drøftingar seg i mellom, noko som er hensikta i fokusgrupper. I den andre gruppa var det med to avdelingsleiarar frå ulike institusjonar, dei hadde mykje til felles og snakka «same språk». Til tross for at eit av inkluderingskrava mine var at informantane frå institusjon arbeida som miljøterapeutar valde eg å ta med to avdelingsleiarar. Årsaka til dette var at det var utfordrande å skulle finne informantar, samtidig tenkte eg at dei to avdelingsleiarane hadde tidlegare erfaringar frå miljøterapeutisk arbeid og kunne bidra med sine erfaringar frå feltet. Informantane frå barnevernstenesta i den gruppa arbeida ved same kontor, men kunne likevel dele ulike erfaringar ettersom dei hadde ulike fartstid i gamet. Eg opplevde at informantane mine hadde ein positiv påverknad på kvarandre og kunne motivere til gode diskusjonar, noko som var hensikta min med å blande informantar frå ulike arbeidsplassar i same grupper.

For å sikre at eg skulle få den informasjonen eg trengde laga eg ein intervjuguide (sjå vedlegg 4) før intervjuprosessen. For at intervjuet skal inneha god kvalitet er det viktig at ein stiller spørsmål som skal oppmuntre informantane til å gi konkrete og utfyllande beskrivingar om

tematikken studien omhandlar (Thagaard, 2018, s. 95). For å sikre at intervjuguiden min var av god kvalitet med forståelige og relevante spørsmål, samt at lydopptak fungerte som det skulle gjennomførte eg eit prøveintervju med to kollegaer. Ettersom det kun var to som hadde moglegheit til å stille fekk eg ikkje ei gruppe i sin heilheit, og heller ikkje den dynamikken eg ønska med tilsette frå ulike arbeidsstader. Eg fekk likevel kontrollert det eg ville, og fekk tilbakemelding frå dei som var med, både på mi rolle som forskar og på spørsmåla i intervjuet. I begge intervju nytta eg meg av lydopptak, noko informantane var informerte om i informasjonsskrivet, samstundes sa eg noko om det før eg starta intervju. Før eg starta lydopptakaren hadde eg ei runde i begge gruppene der informantane skulle seie namnet sitt, kor gamle dei var, kor lenge dei hadde arbeida innanfor feltet og kvar dei jobba per dags dato. Dette var mest for å bli litt betre kjent.

Under intervjusituasjonen er det viktig at ein som forskar er opptatt av å skape ein tillitsfull og fortruleg atmosfære (Thagaard, 2018, s. 99). Eg fekk gjennomføre eit intervju med fysisk oppmøte der alle informantane var samla i same rom, med meg som forskar ved enden av bordet. I dette intervjuet fekk vi til ein «small talk» før intervjustart og deltakarane fekk servert frukt, kaffi og sjokolade. Grunna koronasituasjonen og restriksjonar i enkelte delar av Noreg på den tida, fekk eg ikkje gjennomføre det andre intervjuet fysisk, men derimot på den digitale plattformen teams. Det fungerte greitt, og ettersom situasjonen var som den var på den tida var alle veldig innstilt på å gjere det beste ut av det.

Ved gjennomføring av det første intervjuet opplevde eg i større grad og vera styrt av intervjuguiden, samstundes som eg stilte oppfølgingsspørsmål når det var behov for dette. Å nytte seg av oppfølgingsspørsmål under intervjuet kan kompensere for at det er store forskjellar mellom kor opent informantane uttrykker seg når dei blir intervju (Thagaard, 2018, s. 95). Oppfølgingsspørsmåla sikra meg som forskar bekrefting på eigne tolkingar av det informantane sa. Eg sa for eksempel; «*Du seier at de nyttar ulike former for samarbeid, kan du utdjupe kva innhald desse formene har?*» Eller, «*Det var interessant, kan du ikkje seie litt meir om korleis du opplevde det?*» I den andre gruppa var eg som forskar meir trygg i rolla mi og opplevde at eg var mindre opptatt av å følge intervjuguiden slavisk. Samstundes synes eg at i den gruppa der det var fysisk oppmøte, så tok informantane lettare til ordet og drøfta tema som vart tatt opp, i motsetning til gruppa der alle informantane sat på kvar sin stad. Utfordringa i gruppa på teams var at deltakarane synes det var vanskeleg å «ta ordet»

ved å slå på mikrofonen, og dermed vart det utfordrande for meg som forskar å få alle deltakarane til å vere like aktive i diskusjonane.

4.6 Transkribering

Eg såg det som hensiktsmessig å transkribere alt av datamateriale sjølv. I følge Malterud er det fleire gode grunnar til at forskaren bør velgje å transkribere materialet sjølv, framfor å nytte seg av program eller forskningsassistanse. Blant anna er det lettare å oppfatta nyansar i lydopptak frå ein samtale der ein sjølv har vore tilstades, samstundes gir transkriberingsarbeidet ei fullstendig oversikt over datamateriale forskaren sit att med (Malterud, 2018, s. 96). Prosessen med å transkribere dei to gruppeintervjua var tidkrevjande men interessant. Eg måtte fleire gonger høyre opp igjen delar av lydopptaka for å sikre at eg hadde forstått kva som konkret vart sagt. Eg oppbevarte arbeidet i passordbeskytta skylagring for å sikre informantane mine full anonymitet.

4.7 Metode for analyse av datamateriale

4.7.1 Dataanalyse

I mitt studie har eg valgt å nytte tematisk analyse, der formålet er at ein skal gå i djupna på alle tema som kjem fram av datamaterialet. Ved bruk av temaanalyse nyttar ein data frå alle deltakarane og gjer ei samanlikning, slik at ein kan utvikle ein djupare forståing av kvart tema (Thagaard, 2018, s. 171). Tematisk analyse er ein metode for å identifisere, analysere og rapportere mønster eller tema av kvalitativ datamateriale (Braun & Clarke, 2006, s. 77). Før ein går i gang med analyseprosessen er det naudsynt å gjere seg opp nokre val. Først må ein tenke gjennom sjølvve kodeprosessen. Ein må avgjere kva av kodane som skal reknast som tema, og kor store desse skal vere. Det handlar ikkje om å sette strenge kriterier som for eksempel at dersom noko går igjen i 50% av datasettet, då er det tema, men at dersom det går igjen i 48% av datasettet er det ikkje tema. Det vil seie at forskaren sin evne til å bedømme kva som er tema vil vere viktig (Braun & Clarke, 2006, s. 82).

4.7.2 Beskriving av analysen

Når eg har analysert mitt datamateriale har nytta meg av Braun & Clarke sin tematiske analyse som inneberer 6 fasar i analyseprosessen. Her bevegar forskar seg mellom dei ulike

fasane, fram og tilbake. Eg vil no beskrive steg for steg kva eg har gjort i dei ulike fasane, i korte trekk, og samstundes reflektere over kva som er viktig i dei ulike delane av fasane.

Fase 1: Bli kjent med datamaterialet

I den første fasen handlar det om at forskaren blir kjent med datamateriale. Når eg valgte å transkribere begge intervju sjølve sikra eg at eg hadde fått med meg kva informantane hadde snakka om, og eg på den måten kunne høyre opp igjen lydopptaket og skrive ned ordrett det som vart sagt. Dette var tidkrevjande, men samstundes er ikkje dette arbeidet bortkasta då det gir forskaren ei grundig forståing av eige datamateriale (Braun & Clarke, 2006, s. 88). Når begge intervju var transkriberte gjekk eg gjennom notata mine og skreiv ned tankar og stikkord som grunnlag for idear i det vidare arbeidet mitt.

Fase 2: Dei første kodane

I fase to starta eg med å finne kodar i datamateriale mitt, då var det viktig å identifisere kva kodar som verka interessante. Ein kan kalle dette for rådata av informasjon ein finn som meiningsfull i analysen (Braun & Clarke, 2006, s. 88). Eg laga meg nokre spørsmål til det transkriberte materiale, ut frå mine forskingsspørsmål; «Kva erfaringar har informantane med foreldresamarbeid?», «Korleis opplev informantane det tverrprofesjonelle samarbeidet for å jobbe med foreldresamarbeid?» og til slutt «Korleis opplev informantane foreldresamarbeidet i overgangsfasen frå institusjon til anna tiltak/heim?». Dette danna grunnlag for nokre tenkte tema eg seinare kunne sortere kodane mine etter. Eksempel på kode kunne vere:

«*Kommunikasjon viktig*», eller «*Betydning av god relasjon*».

Eg gjekk gjennom datamaterialet mitt ein gong til for å lage kodar ut frå det transkriberte materialet. Eg skreiv kodane inn med fargar direkte i teksten, og på den måten kunne eg sjå kva tema som gjekk igjen og kvar dei ulike kodane kunne passe inn. Det krevde ein del arbeid, eg måtte leite etter mønster som gjekk igjen, og samanlikne dei to gruppene. Eg følgde råda gitt av Braun & Clarke i denne delen, der dei anbefaler å finne så mange tema som mogleg, då ein ikkje kan vite i denne fasen kva som eventuelt kan vere av interesse seinare i analysen (Braun & Clarke, 2006, s. 89). Eg samla alle kodane til slutt i eit dokument, der eg skilte kodane frå spørsmåla eg hadde stilt, og kunne deretter gå over i neste fase med å lage overordna tema.

Fase 3 og 4: Leite etter tema og gå gjennom tema

Denne fasen kan starte når ein har koda og sortert alt i datamateriale, og ein har ei lang liste med forskjellige kodar (Braun & Clarke, 2006, s. 89). Lista mi over kodar var lang, og eg måtte sortere dei inn i overordna identifiserte tema, der dei potensielt kunne passe inn. I denne fasen anbefaler Braun & Clarke (2006) at ein tabell eller tankekart for å samle dei ulike kodane og lettare få ein oversikt over kva tema dei passa inn i. Eg lagde meg ein tabell der eg delte opp kodane i fire ulike foreløpige tema, delt inn i ulike fargar for å lettare kunne sortere kodane oversiktleg under dei ulike bolkanane. I hovudsak analyserer ein kodar og korleis dei ulike kodane kan kombinerast for å danne tema (Braun & Clarke, 2006, s. 90).

TEMA 1	TEMA 2	TEMA 3	TEMA 4
Foreldresamarbeidets betydning	Ulike erfaringar av samarbeidet	Tverrfagleg samarbeid	Overføring og/eller tilbakeføring
Kommunikasjon med foreldre Lytte til foreldra sin kunnskap om barnet Handtere slitne foreldre Skape tillit gjennom openheit Avklare forventningar tidleg Rettleie foreldra Skape tillit tek tid Fysisk møte positivt Skape trygghet Bevisst maktforhold Sorg over manglande omsorgsevne Foreldre kan ha motstand mot tilsette Institusjon opplev tett samarbeid med foreldra Samarbeidet skal ha ungdommen i fokus Institusjon kartlegg nettverk ved innflytting	Betydning av relasjon Kontaktperson i bvt viktig Gi foreldra ansvarsoppgåver Ikkje overta foreldrerolla Inkludere foreldra Følge plan for samarbeid Godt samarbeid mellom inst og bvt Viktig med konkrete tiltaksplanar God dialog mellom kommune og stat viktig Tilgjengelege tilsette Institusjon føl ungdom på heimebesøk Validere følelsane hjå foreldra Framsnakke andre instansar i dialog med foreldre Bistå foreldre med systemforståing	Kommune les rapportar frå institusjon Evaluere tiltaksplan undervegs Kommune har forventningar til institusjon Variasjon i kven som tek kontakt Planlegge samarbeid tidleg Tettare dialog i overgangsfasen Viktig med bruk av systemmøter Informasjonsskriv til foreldre og familie Tverrfagleg samarbeid i ansvarsgruppemøter Tett dialog Tverrfagleg samarbeid med instansar i ansvarsgruppa Behov for pådrivar i samarbeid mellom stat og kommune	Tydeleg dialog med foreldre om behov i overgangsfasen Jobbe med overgang til eigen bustad Planlegge utflytting ved innflytting Kommune tydelege føringar for vegen vidare Godt samarbeid sikrar betre overgang for ungdom Foreldre adopterer strukturen til inst ved tilbakeføring Viktig med plan for overgang Ekstern foreldrerettleiing før tilbakeføring Praktiske avklaringar Institusjon opptatt av systematisk arbeid

<p>Tillit viktig</p> <p>Sikre tilstrekkeleg informasjon frå institusjon til foreldra</p> <p>Informere foreldra om institusjonens lovverk og regler</p> <p>Kommune involvere foreldre i søknad om institusjon</p> <p>Personleg kjemi avgjerande</p> <p>Openheit i dialogen</p> <p>Forstå foreldras behov</p> <p>Fallgruver i samarbeid</p>	<p>Evaluere samarbeidet</p> <p>Struktur for samarbeide viktig</p> <p>Bruk av former for samarbeid</p> <p>Bevisst språk</p> <p>Tilgjengelege tilsette</p> <p>Lage gode planar og mål saman</p> <p>Unngå å snakke ned andre instansar</p> <p>Utfordrande med konflikt mellom foreldre og system</p> <p>Varierende grad av samarbeid i små og store kommunar</p> <p>Geografisk avstand utfordrande</p> <p>Andre familiemedlem usikre</p> <p>Tidsperspektiv på plasseringa</p> <p>Ulike tankar om årsak til utfordringar i fam</p> <p>Konflikt mellom ungdom og foreldre</p> <p>Mistillit til systemet</p> <p>Ungdom har motstand til foreldra</p> <p>Foreldre i konflikt strevar med samarbeid</p> <p>Bruk av hjelpetiltak for foreldre parallelt med institusjonsplassering</p> <p>Utfordrande for ungdom å forstå foreldra sine utfordringar</p> <p>Negativ spiral som mønster</p>	<p>Institusjon tek oftast kontakt</p> <p>Forståing for kvarandre sitt arbeid</p> <p>Samarbeid personavhengig</p> <p>Kommune opplev tidspress som årsak til manglande samarbeid</p> <p>Forståelse for ulikt type arbeid og arbeidsmengde</p> <p>God dialog mellom kommune og stat viktig</p> <p>Endring i åtferd dersom ungdommen manglar ein plan</p>	<p>Institusjon opplev å vere drivar i overgang</p> <p>Plan for utflytting må evaluerast under opphaldet</p> <p>Institusjonsopphaldet avdekkar nye utfordringar</p> <p>Institusjon kjem tettare på ungdommen</p> <p>Kommune opplev utfordringar i samarbeid med andre tverrfaglege instansar</p> <p>Relasjon til tilsette avgjerande for samarbeid</p> <p>Institusjon opplev variasjon i samarbeid med kommunar</p> <p>Ønsker meir bruk av familieråd</p>
---	---	---	--

	Slitne foreldre strevar med samarbeid Foreldrekonflikt påverkar Ungdommen Samspel i familien påverkar Foreldre kan oppleve avmakt Instansar rundt ungdom viktig for foreldra Foreldre har egne psykiske utfordringar		
--	---	--	--

Tabell 1: Kodar i fargar, kategoriserte under foreløpige tema.

Eg gjekk over i fjerde fase der eg kritisk gjekk gjennom ulike tema, her vurderte eg om det var nokre tema som kunne slåast saman, eventuelt om eg kunne lage undertema i dei allereie oppsette temaene. I denne fasen skal ein også sikre at dei tema som allereie var funne var av god kvalitet og sjå dei opp mot forskingsspørsmål og problemstilling. Her såg eg raskt at det var nokre av kodane som ikkje passa inn under nokre av desse temaene, Braun & Clarke (2006) seier at dette er naturleg i denne fasen. Eg valgte å legge desse kodane i eit anna dokument slik at eg seinare kunne sjå gjennom dei og forsikre meg om at eg ikkje hadde forkasta nokre kodar som kunne vere nyttige (Braun & Clarke, 2006, s. 90).

Fase 5: Definere og navngi tema

I denne fasen handlar det om å definere og spesifisere dei ulike temaene. I følge Braun & Clarke (2006) handlar det om at ein som forskar skal arbeide med å kunne identifisere for seg sjølv kva kvart tema egentleg handlar om, og finne ut kva aspekt av datasettet dei ulike temaene tek for seg (Braun & Clarke, 2006, s. 92). Her handlar det om å gjere greie for kva kvart enkelt tema handlar om, det vil seie at ein skal kunne beskrive korleis kvart tema passar inn i forhold til problemstillinga og den historia ein ønskjer å fortelje om det innsamla

datamateriale. Nedanfor viser eg til tabellen med overordna endelege tema eg laga i fase 5 ut frå dei kategoriserte kodane under kvart tema i frå førre fase.

Forståing av foreldresamarbeid	Ulike erfaringar av foreldresamarbeid	Opplevingar av tverrfagleg samarbeid for foreldreinkludering	Erfaringar rundt overgang/ tilbakeføring
--------------------------------	---------------------------------------	--	--

Tabell 2: Endelege definerte tema ut frå dataanalysen.

I fase seks vil eg beskrive resultatane mine, då tek eg utgangspunkt i identifiserte tema frå analysefasen, desse finn stad i kapittel 5.

4.8 Vitskapleg ståstad

4.8.1 Hermeneutikk

Som forskar må ein stadig vere bevisst over eiga rolle, og over den forforståinga ein har med seg inn i eige prosjekt. Det er eit gjensidig påverknadsforhold mellom forskaren sitt teoretiske utgangspunkt og det mønsteret som kjem fram gjennom data (Thagaard, 2018, s. 33).

Hermeneutikken og den kritiske teori har ei stor betydning for eit studie med kvalitativ tilnærming, då fortolking er ein stor del av metoden (Thagaard, 2018, s. 37). Den vitskapsteoretiske forankringa ein som forskar har vil ha ei stor betydning for kva ein søker informasjon om, vidare dannar det eit utgangspunkt for den forståinga vi utviklar undervegs (Thagaard, 2018, s. 33).

Gjennom problemstillinga mi som skal belyse subjektive erfaringar og opplevingar med foreldresamarbeid hjå dei tilsette i statleg barnevernsinstitusjon og kommunal barnevernsteneste har eg fokus på å få fram eit spesielt fenomen. Eg har i studie mitt gått i djupna og tolka ulike fenomen som kjem fram gjennom analyse av data etter gruppeintervju av mine informantar. Ein hermeneutisk tilnærming legg altså vekt på meningsinnhaldet, og går langt i å betrakte handlingar som tekstar som kan fortolkast. Diskusjon i fokusgrupper mellom ulike fagpersonar kan vere særleg egna til å få belyst meningsinnhaldet knytta til foreldresamarbeid. (Thagaard, 20128, s. 39).

Som forskar med ei hermeneutisk tilnærming har eg nytta meg av den *hermeneutiske sirkel*, og fortolka erfaringane og opplevingane dei tilsette har, gjennom denne. Den hermeneutiske sirkel tek utgangspunkt i korleis forståinga utviklar seg gjennom stadig rørsle fram og tilbake, det vil seie mellom heilheit og del i det materialet som ein som forskar forsøker å forstå (Thomassen, 2006, s. 91). I praksis vil dette seie at eg som forskar har med meg tidlegare erfaringar frå eigen profesjon, som dannar mi forforståing. Samstundes har eg også lest litteratur og politiske dokument som legg grunnlag for kva som er godt foreldresamarbeid. Saman med data som kjem fram ut frå fokusgruppene utgjer dette ei ny forståing av foreldresamarbeid. Fortolkingsprosessen aukar mi forståing i ein stadig bevegelse frå heilheit til del, og frå del til heilheit. Det vil seie at eg nyttar den hermeneutiske sirkel til å danne nye forståing av foreldresamarbeid gjennom å pendle mellom delane eg har beskrive.

Sirkelbegrepet i den hermeneutiske sirkel har vore kritisert for å kunne framstå som misvisande ettersom prosessen ikkje handlar om å gå i ring, men at ein heller gjennom denne prosessen kjem fram til ei ny forståing. Uttrykket den hermeneutiske spiral har derfor vore brukt som ei betre omgrep (Thomassen, 2006, s. 92).

4.8.2 Førforståing

Ein har alltid med seg egne fordommar eller eigen førforståing av noko inn i ei undersøking. Ein kan forsøke å møte eit fenomen så forutsetningslaust som mogleg, men ein kan ikkje unngå at ein har gjort seg opp nokre tankar om det (Dalland, 2015, s. 58). Det å skulle vere forskar i eige yrkesfelt handlar mykje om korleis eg handtera det å ta av meg den «miljøterapeutiske hatten» og innta forskarrolla. Eg har lang erfaring frå omsorgsinstitusjon, og med dette har eg også gjort meg nokre erfaringar med tverrfagleg arbeid mellom miljøterapeutar og dei andre instansane kring ungdomen og foreldra deira. På forhand av intervjuar stilte eg meg sjølv spørsmålet om korleis denne forforståinga eventuelt kan påverke kunnskapen og dei resultatane eg kom fram til i studien. Det at eg har større kjennskap til den eine sida av informantane sine arbeidsmetodar og felt er viktig for meg å vere bevisst på gjennom heile prosessen. Eg vel å sjå på mi forforståing som ein styrke. Med eigen erfaring og forståing av både feltet og tematikken kan det både styrke moglegheita for å sette seg inn i kompleksiteten kring ulike dilemma, og bidra til at informantane opplev større tryggleik i møte med meg som forskar.

Samstundes er det viktig å ta i betraktning at eg valde dette tema med bakgrunn i mitt interessefelt innanfor barnevernsarbeid og fordi eg ønska å utvide min kompetanse om akkurat dette tema. For eksempel trong ikkje dei tilsette å forklare meg kva tiltaksplanar, standardisert forløp eller målstyrt miljøterapi var og eg kunne formulere oppfølgingsspørsmål i tråd med egne erfaringar rundt den måten å jobbe på for å utvide eigen forståing.

4.8.3 Metodologisk drøfting

Dette studie er basert på ei kvalitativ undersøking der eg gjennom eit utval tilsette innafor barnevernstenester og barnevernsinstitusjonar får innblikk i deira erfaringar med foreldresamarbeid. Når ein er ute etter å få fram erfaringar bør ein som forskar nytte kvalitativ metode. Samstundes kan ein aldri vere heilt sikra eintydige resultat frå nokre av desse metodane. Altså kan ingen undersøkingar gi objektive, riktige eller absolutte svar (Jacobsen, 2018, s. 389). Dei resultata eg kjem fram til i mi undersøking vil derfor bli tolka og drøfta i forsøk på å gi mening ut frå eiga forskarrolle. Ved val av kvalitativ metode og fokusgruppeintervju er det viktig at forskaren er førebudd med ein god intervjuguide på forhånd. Det er likevel ikkje sikkert at intervjuar blir slik som ein hadde håpa på eller sett føre seg på førehand då det alltid vil bli snakk om saker som enten er digresjonar eller allereie etablert kunnskap på feltet (Malterud, 2018, s. 132).

Det at mi forforståing ber preg av kunnskap om korleis dei ulike tenestene som arbeider med ungdom og familiar faktisk arbeider for å inkludere foreldra i samarbeidet, kan ha prega både gjennomføring og tolking av intervjuar, samt teorien eg har valgt for å drøfte funna til denne studien. Slik eg ser det kan eg med mi forforståing risikere at eg tek noko av det som informantane fortalde om for gitt ettersom eg sjølv veit mykje om både tematikken og har mange års erfaring innan fagfeltet. Datamaterialet vil i tillegg bere preg av dei tilsette si eiga forforståing, som igjen gjer deira erfaringar subjektive og unike. Det kan også vere ei utfordring å velge ut dei mest sentrale funna i studien, då deltakarane kan ta opp mange tema som er veldig viktige.

4.8.4 Validitet

Validitet handlar om gyldigheit av dei tolkingane forskaren kjem fram til (Thagaard, 2018, s. 189). For å sikre validitet kan ein legge vekt på teoretisk gjennomsluttheit. Då beskriv ein den teoretiske ståstaden som representerer grunnlaget for eigne tolkingar, så viser ein korleis analysen gir grunnlag for tolkingar og konklusjonar ein har kome fram til i studie (Thagaard, 2018, s. 189). I min studie såg eg likskapar mellom dei to fokusgruppene, noko som bidreg til å anta at studie har rot i verkelegheita, men såklart til tross for at det også var individuelle forskjellar mellom dei tilsette sine erfaringar og opplevingar av foreldresamarbeid. Altså kan vi seie at det skal vere ein logisk samanheng mellom spørsmåla ein forsøker å finne svar på, og studien sine funn og utforming.

Ved at ein som forskar går kritisk gjennom analyseprosessen styrkar ein validiteten av studie, gjerne ved hjelp av andre til å stille kritiske spørsmål til analysen, då kan alternative perspektiv gi relevant forståing (Thagaard, 2018, s. 189). Eg har gjennom rettleiing med min rettleiar gått gjennom analyseprosessen og på den måten fått eit kritisk blikk på utføringa av denne utanfrå. Dette er noko eg ser på som ein styrke for min validitet av studien. Å ha kjennskap til miljøet ein skal forske i frå før av kan i følgje Thagaard vere både positivt og negativt. Dersom forskaren ikkje kjenner miljøet på førehand er det eit anna grunnlag for forståing, på den andre sida kan ein med kjennskap til miljøet forstå informantane sine situasjonar betre på bakgrunn av eigne erfaringar (Thagaard, 2018, s. 190). Eg har som nemnt kjennskap til nokre av mine informantar frå tidlegare av, medan dei fleste var ukjente for meg.

Kapittel 5. Presentasjon av hovudfunn

I dette kapittelet vil hovudfunna frå dei to gruppeintervjua bli presentert. Ut frå analysen kom eg fram til nokre overordna tema. Første del av dette kapittelet vil beskrive informantane sin forståing av foreldra sine behov i samarbeidet. Vidare vil eg syne til informantane sine erfaringar av kva faktorar dei anser som viktige for å lykkast og kva som kan vere ein eller fleire barrierar i foreldresamarbeidet. Her vil eg belyse identifiserte faktorar dei tilsette tenker påverkar foreldresamarbeidet. Vidare vil det bli presentert korleis informantane opplev det tverrfaglege samarbeidet mellom seg for å inkludere foreldra undervegs. Til slutt korleis dei tilsette arbeider med overgang eller tilbakeføring etter institusjonsopphaldet, og korleis dei tenker at dette arbeidet påverkar ungdommen og foreldra.

5.1 Forståing av foreldra sine behov

Gjennom mine to fokusgruppeintervju opplevde eg at dei tilsette hadde eit stort engasjement for tematikken og at eg hadde lykkast med å få til gode drøftingar kring spørsmåla som vart stilt. Dei tilsette i dei to gruppene delte nokre felles forståing kring kva dei opplevde foreldra ønska for at samarbeidet skulle bli godt. For å identifisere kva tankar dei tilsette hadde om kva som ligg i eit foreldresamarbeid starta eg med å be dei fortelje kva dei legg i dette samarbeidet. Nokre stikkord i det dei tilsette beskriv er blant anna informasjon, tillit og kommunikasjon.

Ei tilsett i institusjon beskreib sin forståing av foreldresamarbeid, og la blant anna vekt på respekt og informasjon. Slik eg tolka det meinte den tilsette at tilstrekkeleg informasjon og respekt for foreldra bidrog til å danne eit godt utgangspunkt for eit samarbeid:

«Det første eg tenker på når eg høyrer foreldresamarbeid er respekt og informasjon, at det er ekstremt viktig når ein skal jobbe med ein ungdom at ein opprettar kontakt med foreldra, og prøver å få dei med frå starten av».

Den tilsette meinte at første bod i starten av eit samarbeid må handle om å vere tidleg ute med informasjon, og at informasjonen må vere løpande slik at foreldra heile tida vert oppdatert på kva som skjer med barnet deira, og kva som skal skje framover. Ei av dei tilsette ved institusjon beskreib inntaksmøte som første og viktige treffpunkt med foreldra. Der stiller både ungdom, foreldre og kontaktperson frå barnevernet. I dette møte må både ungdommen

og foreldra få tilstrekkeleg med informasjon om institusjonen, og elles eventuelle svar på spørsmål dei måtte ha. Ei anna tilsette sa at ho ved fleire tilfeller opplevde inntaksmøte som vanskeleg for foreldra, og at informasjonen som vart gitt ofte måtte bli repetert, då møte gjerne kan bli emosjonelt utfordrande for både foreldre og ungdom, og at informasjonen blir for mykje å ta inn. Ein av dei tilsette i barnevernstenesta sa at det kanskje kunne vore ein ide å ha eit slags informasjonsskriv som dei kunne gitt til foreldra, slik at før inntaksmøte kunne både ungdom og foreldre lese litt om institusjonen, og eventuelt ha betre forutsetningar for å stille førebudd med spørsmål til institusjonen.

Å ha tett dialog i starten meinte den tilsette var noko dei fleste foreldre sette pris på. Det var likevel delte meningar om kor tett dialog foreldra hadde behov for i startfasen av samarbeidet. Ei tilsett i barnevernet sa ho kunne kjenne på at fleire foreldre ofte var slitne etter lang tid med konflikt i relasjonar, og at når ungdommen flytta ut av heimen gjekk lufta litt ut av dei. Ho meinte derfor at det kunne vere greitt å gjere samtalanene med foreldra korte i starten, slik at dei fekk tid til å puste ut. Samstundes la ei av dei institusjonstilsette vekt på at fleire foreldre har behov for tett dialog, og mykje informasjon om kvardagen til barnet sitt. Sjølv om dei hadde ulike synspunkt på kor tett dialogen burde vere med foreldra i starten, brukte dei tilsette egne erfaringar frå sitt privatliv for å vise at dei forstod at foreldra hadde mykje behov for å bli kjent og få informasjon. Dei snakka om når deira egne barn skulle begynne i barnehage eller på ny skule, så måtte dei sjølv gi frå seg kontrollen. Ein informant frå institusjon meinte dette var viktig:

Å møte dei der dei er, ikkje sant, og det er jo ofte mykje anna og i familien som rører seg, og at vi tar oss tida til å lytte sjølv om det ikkje er direkte inn mot ungdommen, men mot andre ting eller forhold i familien.

Fleire av dei tilsette meinte at det å validere kjensler som oppstår, og romme foreldra på ein god måte er ein viktig del av å skape tillit i samarbeidet. Tillit er grunnleggande for at foreldra skal kunne stole på at ein som tilsett vil deira barn vel og at foreldra tør å vise kjensler og dele tankar. Fleire av dei tilsette på institusjon fortalte ulike erfaringar av dette med tillit hjå foreldre. Ein av dei tilsette i barnevernet sa at ho ofte opplevde at dei ved barnevernstenesta vart «the bad cop» for foreldra, og at det kunne vere godt for foreldra å få nye personar å skulle forhalda seg til, i dette tilfellet kontaktpersonen i institusjonen. Ei av dei tilsette ved institusjon supplerte med å seie at ho kunne kjenne på det same, det å tidleg vere ute etter å skape tillit hjå foreldra til jobben dei tilsette skal gjere, var viktig. Ho kunne i starten kjenne

på at fleire foreldre hadde eit behov for å snakke ut om kva som hadde skjedd tidlegare, og fortelje si historie. Ein del av denne historia kunne svært ofte vere prega av foreldra sine erfaringar av negative møter med barnevernstenesta.

Det å vere ein samtalepartner for foreldra, som kan lytte, drøfte og gi råd heller enn å vere ein tilsett som berre informerer er ein avgjerande faktor. Noko som gjekk igjen i begge gruppene var open kommunikasjon. Dei var samde om at ein open dialog med foreldra er det som kan skape tillit i samarbeidsrelasjonen. Å ha ei bevisst tilnærming og måten den tilsette møtte foreldra på var avgjerande for om foreldra fekk eit godt inntrykk av dei.

5.2 Tilsettes erfaringar med foreldresamarbeidet

Dei tilsette vart spurt om å fortelje om ein gong dei hadde opplevd å ha eit vellykka samarbeid med foreldre, og kva dei trudde bidrog til at dei lykkast med det. Her var det variasjonar i kva dei tilsette fortalde om. Ei tilsett i barnevernstenesta fortalde om eit samarbeid med ei mor, historia handlar om ei mor som hadde nokre dårlege erfaringar frå tidlegare samarbeid med tilsette i systemet, og på bakgrunn av dette hadde ho ein tanke om korleis ho ønska at samarbeidet måtte vere for at det skulle fungere for ho. Mor hadde nokre frustrasjonar i forhold til måten ho hadde blitt møtt på tidlegare, og slik eg tolka den tilsette si forteljing hadde ho jobba mykje for å gi denne mora nokre nye og betre erfaringar.

Ho fortel:

Eg har hatt eit foreldresamarbeid pågåande ei god stund no, med ein ungdom som er blitt plassert på institusjon, foreldra har vore innanfor kommunalt barnevern sitt system i fleire år. Så dei har møtt på veldig mange forskjellige folk, mor er veldig sår, for ho føler på ein måte kanskje ikkje at ho har blitt høyrd, eller utfordringane hennar ikkje har blitt teke på alvor då. Så skulle eg vere kontaktperson for dei, og mor var veldig tydeleg i starten og eg er jo på ein måte ein veldig rett fram person, altså eg må av og til korrigere meg sjølv for at eg ikkje skal bli for «på» for nokon. Men ho var veldig tydeleg på at ho ikkje forstår, sånn «gå rundt grauten», ho forstår ikkje fagspråk og ho er dritlei av å bli snakka ovanfrå og ned. Så eg tok til meg dei tinga, eg snakka på ein måte eit heilt vanleg språk, eg brukte ikkje fagomgrep, eg snakka med ho på den måten ho ønska og når ho har blitt irritert i møter så har ho gjerne blåst litt ut og frest litt, og så er ho så fin fordi ho seier etterpå; eg er ikkje sur på deg altså, eg er berre oppgitt, eg er berre dritlei.

Ho fortel vidare om at ho måtte finne ei tilnærming tilpassa mor sine behov, og samstundes regulere seg sjølv som fagperson etter dette. Dei tilsette meinte at ein som profesjonell av og til må tole nokre utblåsingar og frustrasjonar, og at viss ein klarar å sjå ting frå foreldra sitt

perspektiv så vil det gi foreldra ein følelse av å bli møtt på sine behov. Denne tilsette fortalte så at ho opplevde nettopp dette samarbeidet som vellykka fordi ho hadde oppnådd ein tillit hjå foreldra, og spesielt mor som hadde hatt så mange dårlege møte med systemet tidlegare. Ho opplevde også at foreldra i stor grad tolererte svara ho kom med på ting dei lurte på eller hadde ønske om, også når desse svara ikkje berre var utelukkande positive. Ein anna tilsett fortalde om ein situasjon der ho hadde samarbeida godt med ei mor til ein ungdom som budde på institusjonen ho jobba på:

Ho vart trygg på meg og eg blei trygg på ho, det trur eg handla om å lytte. Dei har jo ofte ein del kunnskap om sine egne barn såklart, og det er viktig at vi ikkje berre avfeiar dei. Dei er jo ofte i ein skjør posisjon når dei kjem inn og skal samarbeide med oss, at dei har ikkje tillit og dei kan jo ha opplevd noko traumatisk og krenkande kanskje. Sånn att det må vere trygt å snakke med oss, dei må føle at dei kan opne seg.

Personleg kjemi var også ein faktor dei tilsette trakk fram. I nokre tilfeller må ein kanskje bytte kontaktperson dersom kjemien ikkje er tilstades, og foreldra ikkje får den hjelpa dei har behov for. Nokre av dei tilsette var einig i at det av og til kunne vere godt for foreldra med eit skifte av kontaktperson i barnevernstenesta dersom ein ikkje fekk til det gode samarbeidet. På den andre sida kan eit bytte av kontaktperson utan at foreldra ønska det, bidra til at dei følte seg avvist. Fleire foreldre hadde i samtale med barnevernstenesta uttrykt at dei ikkje ønska eit bytta av kontaktperson då dei måtte «fortelle historia si på ny». Ein av dei tilsette frå barnevernstenesta skildra sine tankar om dette slik:

Klarheit, tydelegheit og tilgjengelegheit er det eg trur er veldig viktige kriterier for å få suksess. Så kan det jo vere andre ting også då, som personkjemi, altså av og til er det ein faktor, og det merkar jo vi i barnevernstenesta og at nokre gonger så fungerer det ikkje, så vi bytter sakshandsamar av den grunn.

I begge gruppene sa dei tilsette noko om kontakten dei har med foreldra undervegs medan ungdommen bur på institusjon. Ei av dei tilsette ved institusjon sa ho opplevde at dei i kvar sak forsøkte å ha ein ganske tett dialog med foreldra. Den tilsette sa det handla om at ein skal vere bevisst å ikkje berre kontakte foreldra når det skal vere møter, eller det har oppstått ein situasjon på institusjonen, men også når ting går bra, eller berre for å gi dei ein kort oppdatering på korleis ungdommen har det på institusjonen. Dette sa ho:

Eg tenkte på ei mor som eg opplevde å ha veldig godt samarbeid med, og då var det jo

det at ein blei jo veldig sånn tett på, vi hadde jo regelmessig kontakt, og det at vi alltid ga beskjed visst det var noko, om det var det at ungdommen måtte på legevakta å få penicillin, eller altså, om det var noko anna heilt kvardagsleg, at mor følte at ho vart veldig inkludert i arbeidet om ungdommen sin. Det tenker eg er viktig!

Dei tilsette i begge gruppene beskreib maktforholdet som er tilstades i relasjon mellom tilsette og foreldre, og at ein må forsøke å vere bevisst si rolle i møte med foreldra. Ei av dei tilsette frå institusjon sa at ho prøver å sjå foreldra som menneske på godt og vondt:

Eg tenker det er viktig at vi kanskje kan gå ned å vere likeverdige for dei kjenner nok ofte at vi har kjempestor makt på ein måte, då må vi ikkje bruke den på feil måte. For dei er no mennesker dei, sånn som vi. Det er i alle fall viktig at vi ikkje ser ned på dei.

Nokre av dei tilsette i både institusjon og barnevernstenesta meinte at det ligg ei form fallgruve om å havne i eit skeivt maktforhold i all samhandling. Ein informant sa for eksempel at ho alltid forsøkte å vere bevisst kva språk ho brukte, både når ho snakka med foreldra, men at ho også i rapportar eller dokument som foreldra får tilsendt brukar tid på å formulere seg forståeleg. Slik eg tolkar dei tilsette sine erfaringar av makt er dei er opptatt av korleis dette kan påverke samarbeidet.

Fleire av dei tilsette i barnevernstenesta sa at dei synes det er viktig å lage ein plan tidleg, for korleis samarbeidet mellom dei tilsette og foreldra skal vere, fordele ansvar og snakke om utfordringar som eventuelt er tilstades. Ei tilsett snakka også om det å kunne tilpasse planar og samarbeid etter den ein jobbar med, nettopp fordi alle er så ulike vil dette vere viktig, også ho var opptatt av at ein skal unngå at foreldra har ubesvarte spørsmål eller at noko er uklårt for dei. Den tilsette sa dette:

Eg tenker det å avklare forventningar til kvarandre tidleg, både for vår sin del, no er det jo veldig ulikt arbeid vi skal gjere opp mot foreldra, vi og institusjon. Men for vår del i ein sånn fase i forkant og heilt tidleg, så er det jo viktig at dei veit kva dei kan forvente av oss og kva vi kan forvente av dei, i forhold til å gi dei ansvar.

Dei tilsette i begge gruppene hadde mykje erfaring med det å møte foreldre i ulike sårbare situasjonar. Dei tilsette erfarte ofte at foreldra kunne stille kritiske spørsmål til seg sjølv om kor vidt dei var gode foreldre eller ikkje, når dei ikkje handterte å ha sitt eige barn buande heime. Då er det viktig å bekrefte desse følelsane, og støtte opp om at det positivt å få bistand.

For å gi foreldra moglegheit til å medverke må dei involverast i både smått og stort. Ei av dei sa dette:

Eg brukar å spørje foreldra litt sånn i starten om dei har nokon gode tips, ikkje sant, om kva den ungdommen likar til middag, kva ungdommen kan bli trigga for også seie; åh så flott at du seier det der for då gjer du jobben vår litt enklare, men det at dei opplev at dei sit på viktig informasjon, dei kjenner ungane sine godt og kan gi oss mykje nyttig.

På den måten involverar dei tilsette foreldra med sin foreldrekunnskap om egne barn, og syner foreldra at dei ønsker å gi barnet dei beste foutsetningar for å trivast på institusjonen. Etterkvart som dei tilsette snakka om kva opplevingar dei hadde om kva som bidrog til eit vellykka foreldresamarbeid undra eg meg over om dei tilsette på institusjon og i barnevernstenesta nyttar nokre former for å strukturere samarbeidet. I begge gruppene svara dei tilsette frå institusjon at dei nyttar noko som heiter standardisert forløp og målstyrt miljøterapi. Både dei tilsette ved institusjon og i barnevernet var godt kjende med standardisert forløp, og synes det var nyttig for å strukturere rammene for samarbeid med foreldra. Ei av dei institusjonstilsette sa dette:

I inntaksmøte snakkar vi om kva type samarbeid skal vi ha med foreldra, kor ofte skal vi treffast, skal dei vere med på ansvarsgruppemøter, skal dei delta på vekesamtalar vi har med foreldra, i og med at det er ein frivillig plassering så er det jo viktig at den føresatte skal vere tett på. Så det møte opplev eg som kjempeviktig, og ta det heilt ved starten av plasseringa, og det inntaksmøte har vi ofte rett før plasseringa. Der kan det bli litt ueinigheiter og då tek vi det der, kva er forventningane, kva er barrierane, og så gjer vi oss ferdige med det slik at vi har ein plan for samarbeid med foreldra. For eksempel kor ofte skal vi møtast, ringast, besøkast, og så er det å følge den planen. Så det er suksessen i dette tilfellet her, at vi hadde eit utruleg godt utgangspunkt.

Ein anna institusjonstilsett frå den andre gruppa sa dette:

Vi har jo implementert standardisert forløp som legger veldig føringar på korleis vi skal samarbeide med foreldre, men og andre instansar, barnevern og, det er litt fristar og litt dokumenter som skal fyllast ut, og då er det rapportar som vi skriv kva tredje månad ca, der vi gir ei oppdatering på ungdommane, og korleis det har gått i dei forskjellige måla vi har satt i handlingsplanen. Ein har alltid ein dialog eller møte med dei, og ja, andre sånne, fornøydhetsskjema. Dei har vi jo både med foreldra og ungdommane som då brukast inn i rapportar.

Ein av dei tilsette frå barnevernstenesta nemnte tiltaksplan som eit slags styrande dokument i samarbeidet med foreldra. Tiltaksplan vert utarbeid saman med foreldre og ungdom, og skal

fungere som eit slags arbeidsverktøy for institusjon. Tiltaksplanen innehar punkt med måloppnåinga innanfor ulike livsområde i livet til ungdommen. Det kan blant anna vere skule, familie, fritidsaktivitetar, psykisk og fysisk helse. Vidare sa han at denne planen vert sendt til kontaktperson til ungdommen i institusjon, og skal nyttast til å utarbeide ein handlingsplan. Dei ulike måla må vere overkommelege og presise, samt innhaldet i dei må vere forståeleg for både ungdommen sjølv og foreldra. Tiltaksplanen kan for eksempel innehalde plan for korleis samvær med foreldre og anna familie skal vere og korleis institusjon må legge til rette for samværet.

I den eine gruppa spurte ein tilsett frå barnevernstenesta om institusjon nytta tiltaksplanen aktivt i arbeidet med ungdommen. Dei tilsette frå institusjon svara ja, men at det hender at tiltaksplanen frå barnevernstenesta er upresis, og at det då kan vere utfordrande å lage mål ut frå den. Dei tilsette frå barnevernstenesta seier seg einig i at tiltaksplanen i nokre tilfeller kan vere diffus, og meiner det er viktig at den er så konkret som mogleg då den skal legge grunnlag for kva mål som skal utarbeidast for ungdommen under opphaldet på institusjon. Dei tilsette frå barnevernstenesta seier at dei alltid ønsker ein tilbakemelding frå institusjonane dersom tiltaksplanen ikkje er konkretisert, slik at dei saman kan spisse den meir. Dei tilsette ved institusjon meiner også at det er viktig å evaluere tiltaksplanen undervegs, ettersom at institusjon ofte opplev endringar hjå ungdommen under tida den bur på institusjon. I denne evalueringa tenker dei tilsette at foreldra og ungdommen sjølv bør vere deltakande med sine tankar om framgangen.

5.3 Utfordringar i foreldresamarbeidet

Ein faktor som gjekk igjen var dette med konflikt mellom foreldre og system. Ei tilsett på institusjon fortel om at samarbeidet kan bli prega av foreldra sine tidlegare erfaringar, og dermed ikkje fungere optimalt. Ho forstår at dei tilsette kan kvi seg for å samarbeide med foreldre som har stor skepsis til måten systemet arbeider på. Ho seier dette:

Eg ser at det er vanskeleg for dei miljøterapeutane som skal oppretthalde eit samarbeid med ei mor for eksempel som er veldig skeptisk og avvisande. Så det gjer jo til at ein gruar seg for å ta kontakt, og at ein gruar seg til å oppretthalde kontakten, og at ein kanskje utsetter det litt og det hemmar jo for samarbeidet for då kjem ein litt inn i ein ond sirkel.

På den andre sida fortel ei tilsett frå barnevernet at nokre gonger er foreldra ueinige i måten institusjon jobbar på. Det kan handle om enkle ting som reglar, rutinar og kva institusjon gir ungdommane «lov til» og ikkje. Ho fortel at ved nokre tilfeller forstår ikkje foreldra at institusjon ikkje har same moglegheiter dei som foreldre har. For eksempel kan ikkje institusjon fysisk holde ungdommen tilbake på huset når dei vil gå ut etter innetid, og dei kan ikkje hente ungdom med makt tilbake til institusjonen. Ho seier at dei ofte må bruke tid på å få foreldra til å forstå kva moglegheiter og begrensningar institusjonen har. Då kan dei tilsette ved institusjon oppleve at foreldra kontaktar barnevernstenesta for å klage på det institusjonen gjer. Slik eg tolkar det har dei tilsette forståing for at foreldra ikkje alltid er einige i rammer og rutiner for arbeidet på institusjon, men at det er viktig for dei å bruke tid på å forklare og grunngi deira vurderingar og val til foreldra.

Ein anna barriere for samarbeidet var forståinga av problematikken eller årsaka til kvifor ungdommen hadde behov for eit opphald på institusjonen. Dei tilsette meinte at det kunne vere utfordrande å skulle jobbe med ein ungdom der ein hadde kartlagt kva behov ungdommen hadde, men foreldra på den andre sida, såg ikkje dei same utfordringane. Dei tilsette sa også noko om at i enkelte tilfeller skulle ein ha jobba meir med å sjå utfordringa i heile familien, og at det av og til kunne vere vanskeleg for foreldra å sjå sine egne utfordringar som bidrog til at ungdommen vart plassert. Slik eg tolkar dette meinte dei tilsette at det kunne vere vanskeleg for foreldra å sjå at utfordringane som ungdommen hadde kunne vere på bakgrunn av negativt samspel i familien, eller andre faktorar som låg hjå foreldra og ikkje ungdommen sjølv. Ein av dei tilsette frå barnevernstenesta sa dette:

Ta utgangspunkt i dei situasjonane det er ueinigheit om fakta, situasjonen eller utfordringane då eller kva som fører til at vi er inne i ei sak, kvifor ein treng det å det type tiltaket, når ein er ueinige om kva som er problemet, så er det heilt klart ein faktor som hindrar det gode samarbeidet. Då er det vanskeleg å bli einige om eit mål viss ein ikkje ser at dette er ein utfordring eller at problemet eksisterar, så det er det.

Tida var også noko dei tilsette synes var utfordrande. Institusjonstilsette har relativt kortare tid enn barnevernstenesta til å bli kjende med og samarbeide med foreldra. Samstundes sa fleire av dei tilsette at det kunne vere ein fordel, ettersom dei skal arbeide med å reparere relasjon mellom ungdom og foreldre, og at ungdommen tross alt skal bu ei begrensa periode på institusjonen. På den andre sida kan dette vere til hinder for å oppnå det barnevernstenesta ønsker at institusjon skal jobbe med under den tida ungdommen bur der.

Dei tilsette i barnevernstenesta var samde om at det å vere tilgjengeleg for kontakt er avgjerande for at foreldra og andre instansar skal kunne ha tillit til at dei gjer jobben sin. Samstundes som dei ofte havnar i den såkalla tidsklemma når dei har mange saker med korte tidsfristar. Fleire av dei tilsette i institusjon sa at dei har ein stor respekt for mengda arbeid dei tilsette i barnevernstenesta har i motsetning til kva institusjonen har, og at dette også er viktig å snakke om når ein fordeler ansvar mellom barnevernet og institusjonen. Det er einigheit om at det er institusjon som har tettast dialog med foreldra under tida ungdommen bur på institusjonen. Samstundes hevdar dei barnevernstilsette at det er naturleg og logisk at det skal vere slik, ettersom at institusjon er ungdommens omsorgsbasis. Dei tilsette ved institusjon seier seg einige i dette, men legg til at det er viktig at barnevernstenesta held seg oppdatert i kvar sak, slik at dei kan svare på eventuelle henvendingar frå foreldra.

Noko som kunne vere utfordrande for samarbeid var slitne foreldre eller foreldre som streva med eigne psykiske utfordringar. Ei av dei tilsette i barnevernstenesta fortalde om at ho ofte opplevde stor slitasje på foreldra ho samarbeida med. Ho fortalde at dei gjerne hadde stått i konflikt lenge, og at samspelet i familien hadde blitt forverra etter kvart som tida gjekk. Når dei endeleg hadde fått den hjelpa dei hadde behov for var dei så utslitt at det kunne ta tid før samarbeidet kunne fungere optimalt. Ein anna av dei tilsette i barnevernstenesta fortalde at foreldre som streva med eigne psykiske utfordringar ikkje alltid hadde kapasitet til å samarbeide tett. I nokre tilfeller opplevde han at foreldra var opne om det og delte eigne utfordringar med dei tilsette. I situasjonar der dei tilsette i barnevernstenesta hadde ein god relasjon til foreldra opplevde dei å kunne ha det som tema i dialog med foreldra. Ein av dei tilsette sa dette:

I nokre av tilfella har jo foreldra allereie oppfølging frå psykisk helse, at dei sjølv har tatt kontakt, og i dei tilfella der dei ikkje har det, men vi tenker det vil vere hensiktsmessig både for dei og barna, så har vi jo det som eit av hjelpetiltaka. Men det må jo også seiast at det er eit frivillig hjelpetiltak, eg har faktisk ikkje opplevd at dei har takka nei, at når vi seier noko om at vi tenker det er lurt at foreldra får oppfølging av psykisk helse, så er dei stort sett einige. Så det varierer, dei treng av og til litt tid til å tenke og snakke gjennom det, kva inneberer det å få hjelp til eigne utfordringar og kva betydning vil det ha for familien.

Fleire av dei tilsette i begge gruppene var samde om at ofte har foreldra behov for oppfølging av psykisk helsehjelp i tillegg til at ungdommen får hjelp med sine utfordringar på institusjonen.

Ein anna og dominerande faktor var ulike former for konflikhtar. Det kan vere konflikt mellom mor og far dersom dei er skilt, konflikt mellom ungdom og foreldre, samt konflikt mellom familien og «systemet». Fleire av dei tilsette beskriv konflikt som ein slags negativ spiral der alle partar påverkar kvarandre på ein eller anna måte. Ei av dei tilsette i barnevernstenesta fortalde frå ei sak ho hadde jobba med der ungdommen som var plassert hadde motstand mot eigne foreldre, og den tilsette opplevde å stå litt i midten av denne konflikten. Ho beskreib det som ei fallgruve å vere tilsett der ein skal ivareta alle partar sine behov.

Slik beskreib ho tankane sine:

Foreldra vil jo på ein måte gjerne vite mest mogleg veldig ofte, korleis ting går og sånn, og så har du kanskje ungdommen på andre sida som kanskje har ein dårleg relasjon til foreldra sant...så dei har ikkje lyst til at du skal seie noko, dei vil jo helst ikkje at du skal seie mor sitt namn eingong og vertfall ikkje kalle ho for mamma, det skal du vertfall ikkje gjere. Så, det er jo litt vanskeleg å finne den balansegangen, korleis på ein måte skal du holde foreldra fornøgd, gi dei nok informasjon sånn at dei føler at dei veit kva som foregår, og samstundes på den andre sida, korleis skal du få ungdommen til å føle at du er på lag med dei. At ikkje det blir sånn, endå fleire som er imot ungdommen.

I dette tilfellet var det konflikt mellom ungdom og foreldre som var utfordringa. Den tilsette som fortalde om denne situasjonen var opptatt av at samarbeidet med foreldra skal alltid ha ungdommen i fokus, dei andre i gruppa var einig i dette. Både dei tilsette i institusjon og ved barnevernstenestene i begge gruppene var samde om at konflikt er den største hindringa for å oppnå godt samarbeid.

Nokre av diskusjonane dei tilsette i den eine gruppa hadde handla om kor ulikt syn på foreldra dei tilsette kan ha når ein arbeider i konflikt. Ei av dei tilsette i barnevernstenesta fortalde at ho hadde samarbeida med ei mor som hadde god tillit til dei tilsette i institusjon som ungdommen hennar budde på. Dette meinte ho i og for seg var fint, for ho kunne tole og ikkje vere godt likt. Utfordringa var kanskje at institusjon hadde eit meir positivt syn på foreldra og det at ungdommen skulle bruke mykje tid på heimreiser, medan for barnevernstenesta var det vanskeleg og sjå korleis foreldra fungerte ettersom samarbeidet var prega av motstand og

konflikt. Vidare fortel ho at ho kan forstå motstanden frå foreldra på ein måte, til tross for at det er frivillig plassering er det ikkje alltid foreldra er einig i verken institusjonsplasseringa eller måten barnevernet handtera ulike ting på. Når slike situasjonar oppstod opplev dei tilsette i barnevernstenesta at dei ofte blir negativt omtalt av foreldra.

5.4 Tverrfagleg samarbeid

I fokusgruppeintervjua stilte eg spørsmål om korleis dei tilsette opplevde det tverrfaglege samarbeidet mellom institusjon og barnevernstenesta for å inkludere foreldra. Ei av dei tilsette frå institusjon seier dette:

Vi har dialog med barnevernstenesta heilt frå innflyttingsfasen, vi drøftar kva type samarbeid skal vi ha med foreldra,, så lagar vi jo ein plan og føring på det, så må ein jo såklart ha kontakt undervegs visst det blir nokre utfordringar rundt det.

Dei tilsette hadde ulike opplevingar av det tverrfaglege samarbeidet og fortel at det varierar veldig korleis dialogen mellom institusjon og barnevernstenesta er. Undervegs i opphaldet til ungdommen kan det vere periodar der behovet for tett dialog er større enn elles, for eksempel når ein skal planlegge møter og mot slutten av institusjonsopphaldet med fokus på overgang. Samstundes opplev dei tilsette i institusjon at dei stort sett er pådrivar for kontakten mellom dei to instansane, og at dei kunne ønske seg at kommunane var meir aktive. Samstundes hevdar ei av dei tilsette i institusjon at forskjellen er stor, alt etter kva kommune dei samarbeidet med. Dette fortel ho:

Vi snakkar om barnevernstenester som tek kontakt med oss, gjerne oftast, involverar seg, inkluderar foreldre og ungdom, svarar raskt på mail. Så har du det andre ytterpunktet der dei aldri ringer, og vi får ikkje tak i dei, og dei er på ansvarsgruppemøte, kvar tredje månad, thats it, så har vi har masse ubesvarte mailar. Eg synes det er for ulikt altså, det er sånn at når vi har det inntaksmøte der vi skal snakke om samarbeid så er det akkurat som det er forskjellige planetar dei bur på, nokon seier det er dei som skal koordinere ansvarsgruppemøtene og så har du andre som seier vi skal gjere det. Så er det nokon som meiner dei skal snakke med oss ein gong i halvåret og andre meiner vekentleg, sant så det er forvirrande for oss, så i det store og heile, så er det absolutt mest institusjonen som tek kontakt med kommunen.

Fleire av dei tilsette hadde opplevingar av at det å samarbeide med barnevernstenester i mindre kommunar ga eit betre samarbeid enn i større kommunar. Ei av dei tilsette i

barnevernet tenkte kanskje det handla om mengda med saker dei tilsette har i forhold til kor mange tilsette dei er, og at dei dermed blir mindre tilgjengelege. Dei løfta også avstand frå plasseringskommune til institusjon som ein barriere. Fleire av dei institusjonstilsette sa noko om at dei erfarte mindre tilgjengelegheit for fysiske møter frå dei barnevernstenestene som låg eit stykke unna institusjonen. Dei tilsette var samde om at dette også kan handle om ein travel arbeidskvardag med mykje saker på kvar tilsett.

Gjennom diskusjonen vart det også synleg at tilsette frå barnevernet kunne oppleve samarbeidet med institusjon som utfordrande på nokre områder. Ei av dei tilsette sa dette handla om dei situasjonane der institusjon og barnevernstenesta ikkje var heilt einige om kva tiltak og behov ungdom og foreldre hadde. Vidare sa ho at i nokre tilfeller opplev dei tilsette i barnevernstenesta at institusjon kan gå vekk frå tiltaksplanen, og dei tiltaka som er satt for institusjonsopphaldet. Eit eksempel ho hadde var ein gong ho hadde vore med å laga plan for når ungdommen skulle besøke familien. Ungdommen hadde hatt motstand til denne planen, men samtykka til å prøve. Når det kom til den dagen ungdommen skulle treffe foreldra ville han ikkje.

Ho fortalte vidare at ho i denne saka kjente på at ho måtte utfordre institusjonen på å tørre å pushe ungdommen litt, då denne ungdommen på sikt skulle flytte heim, og det var viktig at samvær blei gjennomført som planlagt. Ein av dei tilsette frå barnevernstenesta sa at ho tenkte det var lett for foreldra å gjennomskue dei tilsette dersom dei snakka negativt om kvarandre, og presiserte kor viktig ho tenkte det var at dei tilsette ikkje snakkar andre instansar ned.

Dei tilsette var samde i at dersom samarbeidet mellom dei, eller kommunikasjonen er dårleg er det viktig å ta tak i det, og finne løysningar. Når dei tilsette beskriv korleis dei ønsker å ha samarbeidet mellom seg legg dei blant anna vekt på god dialog, openheit og respekt. Dei tilsette fortel at ansvarsgruppemøter blant anna er eit fora der instansene skal samarbeide med foreldre og ungdommen.

I ansvarsgruppa fordeler ein ansvar mellom alle partar og drøftar både utfordringar og framsteg. Ein av dei tilsette i institusjon seier ho synes det er viktig at nokon frå barnevernstenesta er tydeleg og koordinerar godt i desse møta. Det må vere ein plan og ein agenda, slik at ansvarsgruppemøte har eit formål. Ansvarsgruppemøtene er meint å vere barnets møte, og der skal instansane rundt ha ein plan for kva som skal drøftast i slike møter.

Barnevernstenesta er ansvarleg for å kalle inn, og lage saksliste. For å sikre at desse møta vert gode meiner fleire av dei tilsette at systemmøter i forkant er viktig. Då kan viktige avklaringar takast opp, og dersom instansane er ueinige treng ikkje foreldra å ta del i desse faglege drøftingane. På den måten forsøker ein å finne eit felles utgangspunkt inn i det kommande ansvarsgruppemøte.

Ei av dei tilsette i barnevernstenesta tenker at samarbeidet mellom instansane vil påverke ungdommen. Ho sa dette:

Ja det at ein har hatt eit positivt foreldresamarbeid det påverkar ungdommen i ettertid fordi når dei kjem i ein situasjon der dei anten skal flytte heim, eller skal flytte på hybel etter eit institusjonstid då. Når ein har hatt eit godt samarbeid så er foreldra informerte om utviklinga, dei er betre informert om kva som er situasjonen så då vil ungdom og foreldre ha ein lik oppfatning av kvar ein står, kva som er utfordringane og kva ein treng vidare.

Her har eg belyst nokre viktige funn, blant anna vil eg trekke fram betydninga av god dialog mellom dei tilsette, å ha ein plan for samarbeidet og for ulike fora der det tverrfaglege samarbeidet finn, samt det å forstå konflikt som fenomen for eit mindre fungerande samarbeid.

5.5 Overgangsfasen

For at overgang til anna tiltak eller tilbakeføring til heimen skal vere så trygg og god som mogleg er det særleg viktig med eit godt samarbeid mellom tilsette og familien i god tid før dette skal skje. Ungdommens stemme skal bli lytta til, foreldra skal kunne få dele behov dei har kring overgangen og dei tilsette skal lage ryddige planar for prosessen. Dei tilsette i begge gruppene vart spurt om kva erfaringar dei hadde kring overgang og tilbakeføring frå institusjon til heim eller anna tiltak. Den eine erfaringa dei har for ein vellykka overgang meinte dei handla om å starte planlegginga i god tid. Det at institusjon og barnevernstenesta allereie i starten av institusjonsopphaldet planlegg utflytting ved innflytting. Dei tilsette i begge gruppene hadde ein del like tankar om dette tema og meinte at planlegging var ein viktig faktor. Det å ha ei gitt tid for institusjonsopphaldet og alltid evaluere denne vil skape føreseielegheit både for foreldra og ungdom.

Ei av dei tilsette på institusjon snakka om kvardagslege rutinar og kva som har fungert medan ungdommen har budd på institusjonen hjå dei. Det å snakke om kva institusjonen har jobba

med, kva «verktøy» ungdommen har fått for å navigere i eige liv og kva som er positivt med å vidareføre desse, også etter endt institusjonsopphald. Dette var hennar tankar:

Sånn som i ein suksesshistorie eg har med ungdom som skal flytte tilbake til mor, der har mor kopierte litt vår struktur her sant, så ho skal ta over dei når han kjem heim, og det igjen er jo positivt for han at han får same reglar når han skal heim igjen så det blir ikkje så ulikt og forvirrande for han, det blir tryggare og meir lik praksis på omsorga.

Eit tett samarbeid mellom foreldra og institusjon undervegs kan bidra til at foreldra kan ta med seg noko av det som har fungert for ungdommen i institusjon inn i heimen. Slik eg tolkar det erfarar dei tilsette at dette bidreg til ein mindre brå overgang og at foreldra kan forstå ungdommens behov betre med hjelp frå dei institusjonstilsette i denne fasen. Ei av dei tilsette i barnevernstenesta snakka om det å jobbe systematisk med overgangen og ikkje tilfeldig. Ho meinte at alle involverte bør vere tett på og jobbe godt saman i overgangsfasen, med faste systemmøter og ansvarsgruppemøter. Dei tilsette var samde om at her spela tida ei stor rolle. Institusjonstilsette ønsker å tenke utflytting ved innflytting og i god tid kople på andre aktuelle instansar rundt som for eksempel NAV, skule, psykisk helse osv. Ei av dei tilsette ved institusjon erfarte at mangelfulle planar kunne skape nye vanskar og uttrykk hjå ungdommen, ho sa dette:

Det eg synes er kjempe vanskeleg og frustrerande er gjerne når, altså ikkje alltid, men visst ein har ein barnevernsteneste som tenker at ein har god tid, det er jo tre månadar til utflytting sant, så går vi med ein ungdom som ikkje veit kor den skal vere om tre månadar og vi ser kanskje mykje nye smerteuttrykk og frustrasjon.

Slik eg tolkar det er den tilsette i dette sitatet opptatt av å skape forutsigbarheit for ungdommen inn mot slutfasen av institusjonsopphaldet. Ho fortel at ho erfarar ei endring i åtferda hjå ungdommen dersom det nærmar seg overgang og ein står utan gode planar for korleis denne skal vere, eller kvar ungdommen skal bu vidare. For ein ungdom som ikkje skal flytte heim kan det bidra til usikkerheit med mykje tankar om kvar han skal bu, og kven som skal vere der for å løyse alt det praktiske ungdommen treng bistand til i kvardagen. Ei av dei tilsette frå institusjon sa at ettersom institusjonen har den daglege kontakten med barnet har dei i større grad moglegheit for å høyre på barnets interesser når avgjersla skal takast enn det dei tilsette i barnevernstenesta har.

Dei tilsette var samde i kor viktig det er at foreldra under heile institusjonsopphaldet er inkluderte for å sikre at dei er med på planar som dei tilsette lagar, og for at foreldra skal kunne seie noko om deira behov ved ein eventuell tilbakeføring. Ein av dei tilsette i institusjon erfarte at bruk av ekstern barne- og familiehjelp eller familieterapeut inn mot foreldra i overgangsfasen fungerte godt, og at denne hjelpeinstansen vart ein del av ansvarsgruppa. På den måten kunne institusjon ha fokus på å trygge ungdommen i overgangen, medan ekstern hjelp bistod foreldra med deira behov, samtidig som dei alle samarbeida mot eit felles mål. Dersom ungdommen skal flytte for seg sjølv eller over i nytt type tiltak, vert det eit litt anna type samarbeid, og ein del praktiske avklaringar, men dei tilsette la vekt på at det også her er viktig at nokon er pådrivar for å få ting til å skje i god tid.

Til slutt sa dei tilsette noko om bruk av familieråd, både dei tilsette ved institusjon og i barnevernstenesta meinte det vart for lite brukt og at det stort sett ikkje vart undersøkt godt nok i kvar sak om eit familieråd kunne vere aktuelt. Samstundes hadde dei ønske om å ta i bruk familieråd i større grad. Ei av dei tilsette i barnevernstenesta hadde erfaringar med at familiemedlemmar utover foreldra kunne vere viktige nøkkelpersonar i livet til ungdommen, og at det var viktig å kartlegge desse. Ei av dei institusjonstilsette hadde samme erfaring og sa noko om at denne type kartlegging av familieressursar burde vere eit mål i alle saker.

5.6 Oppsummering av funn

Oppsummert har mine funn vist at dei tilsette har opplevingar av både vellykka og mindre vellykka foreldresamarbeid. Dei har alle tankar om kva faktorar som styrkar samarbeid og kva barrierar som kan hindre samarbeid. Det å ha tid til å få jobbe med relasjonar og skape tillit. Eit anna viktig funn var bevisstheit rundt eiga makt hjå dei tilsette. Kva type makt det ligg i rollane deira, og korleis dette potensielt kan skape utfordringar i samarbeidet. Dei tilsette drøfta blant anna tiltaksplan som eit forbettringspotensialet. Då tilsette ved institusjon kunne tenke seg ein meir konkretisering av desse, og dei tilsette i barnevernstenesta ønska seg fleire direkte tilbakemeldingar når den var for upresis, og ein evaluering undervegs. Det er deira felles arbeidsverktøy, og er ei slags bestilling frå barnevernet på kva fokusområder institusjon skal arbeide med, både for ungdommen og familien.

I overgangsfasen når institusjonsopphaldet til ungdommen går mot slutten, meinte fleire av dei tilsette at planlegginga må starte opp tidlegare. Det å vite kva som skal skje etter at datoen

for det avslutta institusjonsopphaldet kjem, er avgjerande for både ungdom og foreldre. Dei var opptatt av at dersom det ikkje føreligg ein plan som alle kjenner til, kan det bidra til utryggheit og nye åtferdsendingar hjå ungdommen.

Ein fellesnemnar som gjekk igjen handla om bruk av familieråd. Dei tilsette frå begge gruppene var samde om at det i stor grad blir for lite brukt, og fleire gonger vert det ikkje tatt opp som tema i sakene. Dei tilsette i institusjon sa noko om at familieråd var ein del av det standardiserte forløpet dei nyttar seg av, og at det i kvar sak kjem som oppgåve mot slutten av institusjonsopphaldet. Ei av dei tilsette i institusjon sa ho kunne tenke seg at kommunane var meir pådrivar for å få dette til, også fordi dei ofte har betre kjennskap til ungdommen sitt nettverk, og visst ikkje kan ein nytte familieråd for å skaffe seg betre oversikt over ungdommens nettverk.

I neste kapittel vil eg drøfte nokre av mine hovudfunn opp mot tidlegare forskning og teoretiske perspektiv.

Kapittel 6. Drøfting av resultat

I dette kapittelet vil spesielt utvalde funn som er belyste i kapittel 5 drøftast opp mot relevant teori og kunnskap presentert tidlegare i oppgåva. Eg ønskjer med denne drøftinga å belyse studiens problemstilling: *Kva opplevingar og praksiserfaringar har dei tilsette i barnevernet og på barnevernsinstitusjon med samarbeid med foreldre til ungdom som bur på institusjon?*

6.1 Relasjonens betydning i foreldresamarbeidet

I fokusgruppeintervju mine diskuterte fleire av dei tilsette kva som var viktig for å få til eit godt foreldresamarbeid. Nokre av orda som kom fram var blant anna respekt, tillit, openheit og makt. Dei tilsette hadde nokre tankar om korleis dei såg føre seg den første kontakta skulle vere, og at denne måtte bestå av openheit og forståing. Dei var likevel samde om at institusjon og barnevernstenesta hadde ulikt utgangspunkt. Nokre av dei institusjonstilsette sa dei ofte måtte bruke tid på å forstå forhistoria i familien og at det å ta seg tid til å lytte til forhold som gjerne låg til grunn for utfordringane var sett på som viktig. Det trong ikkje handle om ungdommen, men andre ting som var viktig for foreldra å snakke om. Med bakgrunn i den systemiske forståinga peikar Frøyland (2017) på familien som eit system med eit kontinuerleg, gjensidig sirkulært samspel mellom medlemmene (Frøyland, 2017, s. 21).

I mi forskning fann eg teikn på at dei tilsette hadde fokus på sirkulært samspel i familien. Dei var opptatt av at alle familiemedlemmar skulle ivareta, og at ein må sjå «bak» problema. Johnsen & Torsteinsson (2012) viser til at profesjonelle må forsøke å lage seg sirkulære hypotesar ut frå den informasjonen ein har om familien. Med dette meinast at profesjonelle ikkje skal vere opptatt av å finne ein årsak til eit «problem» men heller vere opne for å søke fleire forståingar av kva som har ført til situasjonen familien har hamna i. (Johnsen & Torsteinsson, 2012, s. 126). På den andre sida nemnte nokon av dei tilsette at dei i fleire tilfelle kunne bli betre til å sjå heile familien, spesielt i dei situasjonane der foreldra og dei tilsette var ueinige om kva som var årsak til institusjonsplasseringa og kva behov for hjelp/oppfølging foreldra hadde. Det kan tenkast at dei tilsette ikkje var bevisst på om dei jobba etter sirkulære eller linære tankegangar. Dette kan forklarast med at eg ikkje stilte dei direkte spørsmål om korleis dei jobba ut frå at familemedlemmar har gjensidig påverknad på kvarandre. Det kan også tenkast at ein konsekvens av dette var at eg ikkje undersøkte dette fenomenet betre med til dømes oppfølgande spørsmål når dei tilsette snakka om å sjå familien

i sin heilheit. Til tross for dette hadde eg ei oppleving av at dei tilsette forsøkte å sjå alle familiemedlem sin verdi, og at dei i underbevisstheita jobba etter eit mønster der det kunne vere fleire årsaker som bakgrunn for familiens utfordringar. Kanskje spesielt sidan dei tilsette sitt fokus er både å ivareta ungdom og foreldras ønske og behov samstundes.

Mine funn viser at tilsette i barnevernstenesta sa at dei gjerne hadde samarbeid med foreldra ei god stund før ungdommen flytta inn på institusjon, og at dei gjerne hadde eit anna bilete av utfordringsproblematikken enn det institusjonen fekk. Dei var imidlertid opptatt av å forsøke å sjå heilheiten og forstå både foreldra og ungdommens situasjon. Samstundes var dei bevisste på at dei måtte ta nokre vurderingar, og for å finne ut kva som var riktig å gjere måtte dei ha nokre tankar om årsaken til at utfordringane i familien var tilstades. Dette kan sjåast med funna i studien til Bingle & Middleton (2019) som fann at tilsette i barnevernet kan risikere å bli dratt i ei retning mot ei linær årsak-virkning forklaring. Dette handla om at dei gjerne ønska å finne riktige svar på problema, og dermed får utfordringar med å fremje fleire potensielle hypotesar og kva som kan ligge til grunn for utfordringane (Bingle & Middleton, 2019). Ved at profesjonelle evnar å sjå familien i eit sirkulært samspel der alle medlemmar gjensidig påverkar kvarandre vil det vere vanskeleg å seie noko om årsak til utfordring og dei kan bli mindre opptatt av å finne skuld å moralisere. På den måten vil den profesjonelle vise medfølelse for alle familiemedlemmene (Frøyland, 2017, s. 27).

Dei tilsette beskrev eit slags maktforhold mellom system og foreldre, og la vekt på at dette ikkje nødvendigvis var ei utfordring dersom dei tilsette var bevisst kva som skulle til for å unngå at foreldra opplevde avmakt. Eit av mine funn syner at dei tilsette ofte kan kjenne på utfordringar knytta til foreldra sine tidlegare negative erfaringar. Likeleis er dei bevisste på kva som skal til for å skape gjensidig tillit i relasjon med foreldra, og korleis dei kan ha eit bevist forhold til makta ein har som tilsett i barnevernssystemet.

Ein av dei tilsette i institusjon er tydeleg på at ein må ha eit opent sinn, og kunne møte foreldra der dei er. Med dette meinte ho at den profesjonelle måtte innta ein ikkje-vitande haldning i møte med foreldra. Ein av dei tilsette frå barnevernet meinte at det handla om å forsøke å forstå erfaringane foreldra hadde, og på den måten gjere deira bidrag viktig i samarbeidet. Westby (2021) finn i si forskning at familiar som er i kontakt med barnevernet kan bli marginalisert og krenka. Fleire av foreldra i hennar studie synes å ha liten tillit til hjelpesystemet. Samstundes fann ho nokre faktorar som kunne gjenopprette tilliten foreldra

hadde til barnevernssystemet. Blant desse var det å møte riktig person og det at foreldra opplevde seg sjølv som deltakarar og subjekt i barnevernssaker avgjerande. Den profesjonelle si evne til å ha empati, det å vere menneskeleg og vise medkjensle vert rangert høgt hjå foreldre. (Westby, 2021, s. 243). Eg tolkar dette til at dei tilsette synes å vere opptatt av å sjå på foreldra med eit subjektivt syn som kan bidra med eigne erfaringar inn i samarbeidet på ein positiv måte. Dette kan sjåast i samanheng med Røkenes og Hansen (2017) som viser til det å ha eit subjektivt syn på menneske kan bidra til utvikling og vekst. Subjektet er individet som opplev, føler, tenker og handlar sjølv (Røkenes og Hansen, 2017, s. 51).

Funn viser at til at foreldra sine negative erfaringar med barnevernet hadde innverknad på samarbeidet. Dei meinte at det som kunne kjenneteikne misnøye hjå foreldra dei hadde kontakt med, var deira oppleving av å ikkje bli inkludert i ulike situasjonar av sine kontaktpersonar i barnevernet. Fleire av foreldra som fekk barna sine plasserte hadde vore innanfor systemet i fleire år og hadde med dette mange ulike erfaringar av kva som var deira ønske og behov i møte med barnevernssystemet. Höjer (2011) finn i sin studie at foreldre med negative erfaringar frå kontakt med barnevernet legg vekt på det å ikkje bli anerkjent for sin foreldrekompetanse. Ho viser også til at desse foreldra opplevde mangelfull forståing for situasjonen dei stod i, og dei kjenslene dei sat med knytta til plassering av eige barn (Höjer, 2011). Funn frå mine intervju viser til at dei tilsette er opptatt av å forsøke å forstå foreldra sin situasjon, og deira kunnskap om eigne barn. Ei av dei tilsette i barnevernet sa for eksempel at det kan vere like utfordrande og sårt for foreldre med frivillig plassering av eigne barn ut av heimen, som for dei foreldra der plasseringa skjer ved ei omsorgsovertaking. Uavhengig av plasseringsgrunnlag, så er det følelsen av å ikkje vere god nok foreldra sit igjen med.

Nokre av dei tilsette delte tankar om kva som kunne bidra til å endre dei dårlege erfaringane og skape godt samarbeid. Det kunne vere alt i frå medverknad i kva institusjon ungdommen skulle flytte til, korleis plan for opphaldet skulle vere, og kva tankar dei hadde om utfordringane til ungdommen og familien. Dei tilsette på institusjon meinte at ein må forsøke å inkludere foreldra i så stor grad som mogleg, spesielt sidan plasseringa er frivillig og foreldra skal fungere som ein del av eit team rundt ungdommen. Dei meinte det handla om at foreldra hadde behov for å framleis vere viktig i livet til sitt eige barn, og dei kunne for eksempel snakke med foreldra om kva ungdommen likte å ete, kva interesser ungdommen hadde eller andre detaljar om ungdommen. Dette meinte dei var små handlingar som kunne bidra til at foreldra kjente seg inkluderte og at deira informasjon om sitt eige barn var

betydningsfullt når dei tilsette skulle bli kjent med ungdommen. Höjer (2011) sin studie syner også til at foreldre som på den andre sida var nøgde med samarbeidet med barnevernssystemet opplevde i stor grad å bli inkluderte i vurderingar knytta til kva utfordringar som ligg hjå familien og kunne komme med forslag til korleis desse kunne jobbast med (Höjer, 2011) Det kan imidlertid tenkast at dei tilsette er bevisst på korleis dei kan gi foreldra opplevinga av å vere viktig i samarbeidet. Ein kan sjå på denne handlinga som ein reell informasjonsinnhenting og kanskje til og med hevde at det kan ligge skjult makt i denne handlinga. Likevel ser eg det slik at dei tilsette sine handlingar som inneheld ønske om å inkludere er gjort med gode intensjonar.

Haldningar til foreldra som ressurs inn i samarbeidet meinte tilsette i institusjon ville vere avgjerande for korleis foreldra opplevde samarbeidet. Det å anerkjenne foreldra som viktige bidragsytarar inn i samarbeidet er noko Vedeler (2011) legger stor vekt på i psykososialt relasjonsarbeid og eventuelt korleis den profesjonelle klarar å ta i bruk familien sine ressursar (Vedeler, 2011). Han hevdar også at eit slikt ressursorientert familiearbeid bør vere metaperspektiv i alle saker innan tenester av psykososial karakter. Måten dei tilsette omtalar familien på vil bidra til korleis familien ser seg sjølv og eigne ressursar (Vedeler, 2011).

Det blei også tatt opp av tilsette i barnevernstenesta at foreldre kan vere skeptisk til barnevernet fordi dei har så stor makt. Institusjonstilsette på si side hadde erfaringar med å vere «nye» for foreldra, og erfarte at dei i større grad kom i posisjon for samarbeid. Ein av dei tilsette frå institusjon sa ho i fleire saker erfarte at foreldra ikkje opplevde å vere i avmakt i like stor grad som i kontakt med barnevernet. Dette trudde ho handla om at foreldra knytta sine negative erfaringar til barnevernet, medan institusjon fekk vere dei som representerte ny bistand i ei anna form. Dei tilsette var einige i at det kunne vere positivt for barnevernstenesta at institusjon kom på bana. På den måten kan institusjonstilsette bidra til å betre samarbeidet for barnevernet, og gi foreldra ei oppleving av hjelp når ungdommen flyttar ut av heimen og inn på institusjon. Makt viser seg i relasjonar, og marginaliserte grupper som for eksempel foreldre til barn i barnevernet er avhengig av relasjonen dei får til den profesjonelle hjelparen (Jensen & Ulleberg, 2019, s. 185).

I begge gruppene meinte dei tilsette at det å avklare dei ulike tenestene sine rollar, mandat og ansvar med foreldra i starten av samarbeidet kunne skape eit grunnlag for eit godt samarbeid. Dette kunne handle om kva barnevernstenesta kunne gjere for familien og for eksempel kva

rammer og reglar som gjaldt på institusjonen. Jensen & Ulleberg (2019) viser til at den profesjonelle må finne ein balanse i relasjonen som er prega av tillit og ansvar. Det å kunne begrunne vurderingar i val som blir tatt vert sett på som viktig (Jensen & Ulleberg, 2019, s. 187).

Likevel hevdar Foucault (Mik-Meyer & Villadsen, 2007) at makt ikkje er noko ein person besitter eller «har». Med dette meiner han at i ein relasjon mellom to individ handlar det om å få «den andre» til å handle i tråd med samfunnets normer og forventningar. (Mik-Meyer & Villadsen, 2007, s. 20). Dette kan sjåast i samanheng med dei tilsette sine erfaringar av å tillegga foreldra ansvar og på den måten legge til rette for at foreldra tek gode val for seg sjølv og ungdommen undervegs, og at dei er aktive deltakarar i samarbeidet. Dei tilsette kan på si side anerkjenne foreldra si rolle og legge til rette for at dei vert aktive deltakarar. På denne måten påverkar dei tilsette foreldra på ein meir indirekte måte.

Dei tilsette beskriv fleire viktige faktorar som kan bidra til eit godt samarbeid og dei er spesielt opptatt av korleis dei kan få ein god relasjon til foreldra og at inkluderinga av foreldra vil vere avgjerande. Dei er også bevisste på kva som kan føre til at foreldra ikkje vert inkluderte, og at det å sjå ned på foreldra vil kunne føre til eit dysfunksjonelt samarbeid. Igjen handlar det om å vere bevisst korleis dei tilsette møter foreldra som medmenneske med sine haldningar og tankar om foreldra sine ressursar. Skau (2017) viser til at barnevernet er ein sektor kor det motsetningsfylte forholdet mellom makt og hjelp er særleg utfordrande. Nokre fagfolk tek det for gitt at dei har ei rett og ei plikt til å bestemme kva den andre har behov for og samhandlingas innhald. Dersom ein profesjonell anser seg sjølv som ekspert på andres liv aukar sannsynlegheita for at den vil overstyre brukaren og dens behov. Den profesjonelle sin personlege kompetanse vil derfor vere avgjerande i korleis han eller ho forvaltar makta som ligg i yrkesrolla, og korleis hjelpa tilbys brukaren (Skau, 2017, s. 38).

6.2 Godt tverrfagleg samarbeid er betydningsfullt for inkludering av foreldra

Dei tilsette sine erfaringar av tverrfagleg samarbeid mellom barnevernet og institusjon er ein viktig del av denne studien. Slik eg ser det er dei tilsette opptatt av eit tverrfagleg samarbeid mellom barnevern og institusjon for å gi familien eit godt tilbod i møte med systemet. På den andre sida har dei ulike opplevingar av korleis eit sånt samarbeid fungera. Glavin & Erdal (2018) legg vekt på at ein felles problemforståing er ein viktig faktor for å lykkast med

tverrfagleg samarbeid. Dei viser også til at felles målsetting og klar ansvarsfordeling er ein forutsetning (Glavin & Erdal, 2018, s. 33).

Dei tilsette i barnevernstenesta trakk fram blant anna ansvarsgruppemøter som ein sentral arena for samarbeid med institusjonen. Der møtes kontaktperson frå barnevernstenesta, kontaktperson frå institusjon, foreldra og ungdommen sjølv, samt andre viktige instansar i livet til ungdommen (for eksempel skule, psykisk helsetenester, NAV osv.). Her legg dei barnevernstilsette vekt på at agendaen skal vere satt på forhånd og at møte skal ha eit formål. For eksempel viser dei tilsette til at ulike tema som skal drøftast i ansvarsgruppemøte har vore tatt opp med ungdom og foreldra. Dei tilsette i barnevernstenesta meinte for eksempel at institusjon kan drøfte ulike tema med ungdommen å undersøke kva som er viktig for ungdommen å ta opp i eit slikt møte. Parallelt kan barnevernstenesta snakke med foreldra og deira tankar i forkant av eit slikt møte. Vidare meinte dei tilsette at denne informasjonen måtte delast mellom barnevern og institusjon i forkant av ansvarsgruppemøte slik at eventuelle avklaringar kunne gjerast. I sin forskning hevdar Ødegård & Willumsen (2012) at god tenestekvalitet vil avhenge av om dei profesjonelle klarar å skape gode prosessar seg i mellom, men også mellom seg og brukarane, som for eksempel i ansvarsgruppemøter (Ødegård & Willumsen, 2012).

Dei institusjonstilsette på si side hadde erfaring av at ansvarsgruppemøta i nokre tilfelle var dårleg koordinerte av barnevernstenesta, som er ansvarlege for desse møta. Samstundes sa ein av dei institusjonstilsette at dersom dialogen med barnevernstenesta var dårleg, var det ikkje alltid at ein hadde felles tankar om agenda for ansvarsgruppemøte. Diskusjonen mellom dei tilsette handla om at institusjonen på si side ser ungdommen kvar dag, samt dei opplev å ha ein tettare dialog med foreldra. Dei har gjerne eit anna syn på kva som er viktig å ta opp i eit slikt møte, enn det barnevernstenesta på si side har. Utfordringa her meinte dei tilsette var dårleg eller mangelfull dialog, samt eit manglande felles mål om vegen vidare. Dei beskrev ansvarsgruppemøte som eit viktig møte, der fleire instansar samlast saman med ungdom og foreldra. I ansvarsgruppemøter diskuterast framsteg i ungdommens liv, samt ulike instansar kan få informasjon om kva som er planen vidare. Dersom desse møta bar preg av dårleg samarbeid og lite framgang meinte dei tilsette det kunne føre til liten eller negativ endring i utviklinga til ungdommen.

Nokre institusjonstilsette opplevde at det var store variasjonar i korleis det var å samarbeide med ulike kommunar. Dei meinte det kunne forklarast med kor stor kommunen var og kor stor saksmengda barnevernkontora hadde. Ein av dei tilsette i barnevernet sa seg einig i dette, og sa han trudde det handla om mengda med saker kontaktpersonen har. Lauvås & Lauvås (2004) viser til at mindre kommunar kan ha betre forutsetning for å komme lengre i eit tverrfagleg samarbeid og at det i stor grad dreier seg om korleis tenesta er organisert (Lauvås & Lauvås, 2004, s. 208).

Nokon av dei tilsette i barnevernstenesta peika også på at det var vanleg for dei å ha mindre kontakt med familien når ungdom var institusjonsplassert, og dermed hadde dei gjerne mindre kontakt med institusjon også. Dette meinte dei handla om at barnevernstenesta kjøper eit tiltak som i dette tilfellet er institusjonsplass. Dei tilsette i barnevernstenesta har stor tillit til jobben institusjonen gjer, og kan i travle periodar rette fokus mot andre saker dei har, som kanskje er meir akutte. Fleire av dei tilsette i institusjon sa seg einig i dette, og la vekt på at dei hadde stor respekt for mengda arbeid barnevernet har per kontaktperson. Samstundes ønska dei seg ein tettare dialog, spesielt i forkant av ansvarsgruppemøter.

I fokusgruppene kom det også fram at institusjonstilsette meinte dei stort sett var pådrivar for kontakten mellom dei to instansane. Ødegård & Willumsen (2012) hevdar at tiltak som kan betre samarbeidssituasjon vil kunne vere å arbeide for å utvikle relasjonane mellom tenesteytarane og undersøke om det kan vere mogleg å planlegge samarbeidet betre (Ødegård & Willumsen, 2012). Slik eg tolkar dei tilsette har dei eit ønske om å få til eit tettare samarbeid, samstundes har dei ulike forutsetningar for å få til dette. Likevel er dei tilsette i institusjon opptatt av at det er barnevernstenesta sitt ansvar å kalle inn til møter og at det ville vore naturleg å ha ein tettare dialog om innhaldet i møte i forkant av for eksempel ansvarsgruppemøter. Openheit, god dialog og respekt for kvarandres arbeid synes å vere betydningsfullt i denne samanhengen.

Eit anna sentralt funn viser også at tiltaksplanen er noko dei tilsette legg til grunn som eit viktig felles arbeidsverktøy. Tiltaksplanen blir utarbeidd av kontaktperson i barnevernstenesta og skal fungere som ei slags bestilling til kva barnevernet ønsker at institusjonen skal jobbe med. Tiltaksplanen skal vere tilpassa kvar ungdom og institusjon skal utarbeide ein handlingsplan ut frå denne. Dei tilsette frå barnevernstenesta har erfaringar med at

tiltaksplanen ikkje alltid blir brukt av institusjonen, slik som hensikta er. På den andre sida meinte dei institusjonstilsette at det kunne handla om at den var upresis, og at ein ikkje hadde lykkast i å drøfte innhaldet i tiltaksplanen saman i fellesskap. Dei tilsette var samde i at dette kunne skape konflikthar i samarbeidet, og at foreldra kunne gjennomskode dei tilsette sine negative samarbeidsforhold. Glavin & Erdal (2018) hevdar at barns utvikling blir påverka av det samarbeidet eller samspelet som skjer mellom personane barnet er omgitt av (Glavin & Erdal, 2018, s. 67).

Vidare kom dei tilsette fram til ein felles einigheit i at det var viktig at både ungdom, foreldre og tilsette hadde innblikk i kva tiltaksplanen skulle innehalde, og at alle partar kunne påverke utforminga av denne. Det var stor einigheit blant dei tilsette i at foreldra alltid skal involverast i avgjersla, og at deira stemme inn i samarbeidet er svært viktig. Dei tilsette hadde også positiv erfaring med det å involvere foreldra, og opplevde at foreldra sette pris på å få ein moglegheit til å bidra i samarbeidet. Glavin & Erdal (2018) syner til at når profesjonelle vert spurt om foreldreinkludering i tverrfagleg samarbeid seier dei ofte at dei tenker det er ei stor belastning for foreldra å bli involverte, medan foreldra seier stort sett det motsette (Glavin & Erdal, 2018, s. 67).

Oppsummert kan ein hevde at fokus på eit tverrfagleg samarbeid i alle høgst grad vil vere avgjerande for å skape utvikling i prosessen med ungdommen og foreldra. Samstundes legg dei tilsette vekt på barrierar for samarbeide, og det synes å vere utfordrande at dialogen mellom barnevernstenesta og institusjon i periodar ikkje er så tett. Samstundes har begge instansar eit ønske om eit godt samarbeid og tankar om kva som kan styrke samarbeidet.

6.3 God overgang gir trygghet for alle

Inn mot overgangsfasen meinte dei tilsette at ein tett dialog mellom institusjon og barnevernstenesta var viktig. Nokre av dei institusjonstilsette meinte at ei utfordring kunne vere når kommunen kom seint på bana med å planlegge utflytting. Noko av det dei synte til handla om at barnevernstenesta på si side gjerne tenkte at tre månadar før utflytting var god tid, medan institusjon såg at ungdommen hadde behov for ein plan på kva som skal skje i livet deira framover. Ein konsekvens av dette meinte ei av dei institusjonstilsette kunne føre til endring i åtferda hjå ungdommen, og nye uttrykk som tidlegare ikkje hadde kome til syne. Vedeler (2011) peikar på at familien aldri er uavhengige av sine omgivningar og at eit

systemisk heilheitsperspektiv inneberer at familien må betraktast som ein del av eit større bilete. Eit slikt perspektiv av eit større bilete kan vere eit psykososialt hjelpeapparat med sine hjelparar (Vedeler, 2012, s. 268). På bakgrunn av dette kan det tenkast at familien blir påverka både av sine relasjonar innad, men også av hjelpesystemet sine interaksjonar og handlingar.

I overgangsfasen kan det ofte dukke opp spørsmål om kva som er til det beste for ungdommen og vegen vidare. Det vert satt ein dato for inn og utflytting og barnevernstenesta skal i samråd med ungdom, foreldre og institusjon komme fram til kva som skal skje etter institusjonsopphaldet. Dei ulike alternativa vil vere at ungdommen flyttar inn i eit anna tiltak som ny institusjon eller fosterheim, for seg sjølv i eigen bustad dersom alder og fungering tilseier det, eller tilbakeføring til heim. Det er viktig at profesjonelle rundt familien forsøker å gjere denne overgangen god for både ungdom og foreldra. Bunkholdt & Sandbæk (2012) viser til ulike forhold som vil vere avgjerande for ein vellykka tilbakeføring. At foreldre-barn relasjon er god, at det er eit godt samarbeid mellom foreldra og barnevernet, og til slutt eit godt forhold mellom foreldra og fosterforeldre, i dette tilfellet institusjonstilsatte (Bunkholdt & Sandbæk, 2012, s. 299).

Behovet ungdommen og foreldra har i denne fasen kan opplevast som ulike, og dei tilsette meinte at samarbeidet mellom instansar og korleis kontakten mellom foreldra og ungdom hadde vore undervegs kunne vere betydningsfullt i denne samanhengen. Dei tilsette viste til saker der dei ikkje hadde lykkast med relasjonsarbeidet innad i familien, og der barnevernstenesta ikkje hadde fått kartlagt godt nok kva behov foreldra hadde i forkant av ein overgang. Jessen & Backe-Hansen (2017) peikar i sin studie på at grunnlaget for kontinuitet i relasjonen mellom foreldra og barnevernet blir lagt når ungdommen er plassert. Dei hevdar også at det same grunnlaget gjeld for vidare samarbeid mellom foreldra og barnevernet (Jessen & Backe-Hansen, 2017, s. 39).

Når det kom til korleis gjere overgangen trygg for ungdom og foreldra hadde dei tilsette fleire tankar. Nokre av dei tilsette i institusjon hadde god erfaring med å snakke med foreldra om korleis dei kunne «kopiere» struktur og kvardagslege rutinar som hadde fungert for ungdommen under tida på institusjonen. Dette kunne virke føreseieleg for både ungdom og foreldra. Dei tilsette erfarte at foreldra kunne kjenne seg usikre på blant anna korleis dei skulle lage gode reglar og trygge grenser for ungdommen etter at ungdommen flytta heim.

Dette kunne for eksempel handle om at foreldra var redd for å falle tilbake til gamle vanar og dysfunksjonelle mønster. Tjersland et al (2010) viser til at foreldre treng hjelp og støtte til å finne nye vegar som kan fungere, og at ulik praktisering av strukturar og rammer kan handle om at foreldra er usikre på korleis dei skal sette grenser på nokre bestemte områder (Tjersland et al, 2019, s. 225). Slik eg tolka dei tilsette kunne det for eksempel handle om reglar for innetid, tider for internett og korleis foreldra kunne oppmode ungdommen til å delta på prososiale aktivitetar. Dette var kanskje ulike ting institusjonen hadde brukt lang tid på å arbeide med, og dei tilsette meinte det var nyttig at foreldra kunne få tips til korleis dei kunne legge til rette for samarbeid med ungdommen sin rundt desse tinga når ungdommen skulle flytte heim.

Dei tilsette hadde erfaringar med at foreldra i nokre tilfeller får hjelp frå andre instansar til å forstå sin ungdom og veiledning på korleis dei kan endre sine foreldrepraksisar. Den eksterne hjelpa vart ein del av ansvarsgruppa og kunne bistå foreldra med førebuingar når ungdommen skulle flytte heim, samstundes som dei tilsette i institusjon kunne hjelpe ungdommen med å dekke sine behov. Bunkholdt & Sandbæk (2012) meiner at biologiske foreldre bør tilbys hjelp og støtte frå profesjonelle, og oppmodast til å ta imot denne. Spesielt i den første tida etter at ungdommen har flytta heim (Bunkholdt & Sandbæk, 2012, s. 301).

Opphald på barnevernsinstitusjonar er tidsavgrensa, og hensikta med opphaldet er å støtte ungdommane i sitt endringsarbeid, slik at dei kan fungere betre når insitutsjonopphaldet er over. For å få dette til er det heilt nødvendig å utarbeide ein plan saman med ungdom å foreldra, om kor ungdommen skal bu etter opphaldet. Tjersland et al (2010) hevdar at plan for oppfølging bør starte allereie ved innflytting og drøftast under heile institusjonsopphaldet. Han viser også til at brukaren har større forutsetning for å lykkast dersom støttespelarane rundt dreg i same retning (Tjersland et al, 2010, s. 230).

Eit funn frå fokusgruppeintervjua viser at dei tilsette er opptatt av å arbeide med relasjon mellom ungdom og foreldre medan ungdommen bur på institusjonen. Dersom ungdommen skal flytte for seg sjølv etter eit endt opphald vil likevel foreldra ha ei sentral rolle i livet til ungdommen. Dei tilsette meinte at i ein plan for overgang må det også her avklarast rollar og ansvar. Dei institusjonstilsette sa at dei ofte opplev å komme nær ungdommen, og at noko av utryggheten ungdommen sit med i tida mot ei utflytting kan handle om at dei ikkje er sikre på

kva støtte dei får vidare. Ei av dei tilsette beskreib dei nye utrykka som teikn på utryggheit og at ho trudde det handla om at ungdommen var redd for å miste trygge vaksne i livet sitt når det nerma seg utflytting. Spesielt viss ein ikkje hadde lykkast i å styrke relasjonen mellom ungdom og foreldra. Paulsen (2016) viser til at tilsette i eit tiltak ofte kan bli ei erstatning for manglande støtte frå familie og nettverk. Når tiltaket skal avsluttast opplev derfor mange ungdommar å stå utan vaksne omsorgspersonar dei kan søke støtte hjå (Paulsen, 2016).

Ei av dei tilsette i institusjon meinte at ungdom har behov for å få avklart kvar dei skal bu, kven dei kan kontakte for eventuelle spørsmål og ikkje minst økonomiske avklaringar dersom dei skal flytte for seg sjølv. Paulsen (2016) viser i sin studie til at ungdommane i overgang frå barnevernstiltak ut i anna tiltak eller i bustad for seg sjølv opplev stor variasjon av støtte. Blant anna uttrykker ungdommane stort behov for praktisk, økonomisk og emosjonell støtte. Nokre av ungdommane i studien legg vekt på at det er størst fokus på det praktiske og økonomiske i den støtta dei mottek. Fleire av ungdommane seier dei saknar den emosjonelle støtta og beskriv at ikkje alle har ein familie eller eit nettverk som dei kan nytte seg av (Paulsen, 2016).

Ein heilt tydeleg fellesnemnar frå begge fokusgruppene mine syner at samtlege tilsette opplev familieråd som lite brukt. Ei av dei tilsette i institusjon sa at det å undersøke behovet for familieråd alltid kom som ei pålagt oppgåve i det standardiserte forløpet i den såkalla overgangsfasen, men at det sjeldan vart tatt i bruk eller forsøkt gjennomført. Dette meinte dei handla om at ungdommen ikkje ønska det, eller at dei tilsette ikkje hadde lykkast i å få ungdommen til å forstå kva eit familieråd var og kvifor det kunne vere nyttig. Nokre av dei barnevernstilsette var enig i at bruk av familieråd i stor grad kunne ha vore nytta meir, kanskje spesielt med tanke på å undersøke kven ungdommen har i nettverket sitt som kan vere ein støtteperson etter endt institusjonsopphald.

Studien til Saus et.al (2017) viser at fleire barnevernsarbeidarar har god erfaring med bruk av familieråd. Blant anna legg dei vekt på «større openheit» rundt problematikken som rører seg i familien ved bruk av familieråd (Saus et.al, 2017). Dei tilsette delte erfaringar med at ungdom kunne kjenne seg rådvill og usikre i fasen inn mot utflytting og at dei kunne vere utrygge på kven som kunne vere der for dei i etterkant av eit institusjonstiltak. Saus et. al (2017) viser til at barnevernstilsette med positiv erfaring frå bruk av familieråd gjerne

framhevar der at barnet får erfaring av at familien «er der» for barnet og at dei faktisk kan møtast i same rom å samarbeide. Dei viste også til at barnet vart både sett og høyrte i dei fleste saker der det vart gjennomført familierådsarbeid (Saus et.al, 2017). Ut frå dette kan ein hevde at større bruk av familieråd vil kunne bidra til å gi familiemedlemmar ei betydningsfull rolle og på den måten forsøke å finne ein støtteperson etter overgang eller tilbakeføring.

Kapittel. 7 Avslutning

I denne masteroppgåva har eg undersøkt eit utval tilsette i institusjon og i barnevernet sine erfaringar med foreldresamarbeid. Eg har spissa det til å handle om foreldra til ungdom som er plassert i institusjon, med foreldra sitt samtykke. Med andre ord etter frivillig hjelpetiltak frå barnevernstenesta. Problemstillinga for studiet mitt er «*Kva opplevingar og praksiserfaringar har tilsette i barnevernet og på barnevernsinstitusjon med samarbeid med foreldre til ungdom som bur på institusjon?*». For å kunne svare på denne problemstillinga har eg gjennomført kvalitative blanda fokusgruppeintervju med tilsette innanfor dei to instansane. Intervjua vart transkribert, analysert og tolka. Deretter valde eg ut nokre spesifikke funn som eg drøfta opp mot relevant teori og tidlegare forskning på tematikken.

Dei tilsette har ulike erfaringar og opplevingar av foreldresamarbeidet. Samstundes viser funna mine at tilsette i institusjon og barnevern har ulike erfaringar kring det tverrfaglege samarbeidet seg i mellom for å inkludere foreldra. Dei legg blant anna vekt på tillit, relasjon og makt som avgjerande faktorar i eit foreldresamarbeid, og slik eg ser det er dei bevisste på kva utfordringar som kan føre til fallgruver i samarbeidet mellom «hjelpesystemet» og foreldra. For meg blir det tydeleg at dei tilsette har ønske om å planlegge overgangsfasen mot slutten av institusjonsopphaldet endå tidlegare enn det dei gjer i dag. På den andre sida belyser dei nokre barrierar som kan ligge til grunn for at det å ha ein så konkret plan kort tid etter plassering kan vere utfordrande.

Ein bør sjå på familien og foreldra som viktige støttepersonar i ungdommens liv. Samstundes kan det for fleire familiar vere utfordrande å skulle å reparere familierelasjonar på den korte tida ungdommen bur i institusjon. Familieråd er noko dei større grad ønsker å ta i bruk, og begge instansar har tankar om at det kunne vore nyttig å kartlegge moglegheit for familieråd i ein tidlegare fase enn slik det vert praktisert no. På den måten kan dei tilsette danne seg eit nyansert bilete og legge til rette for bistand hjå ungdommens eksisterande nettverk eller finne potensielle nye nøkkelpersonar i livet til ungdommen. Mi forforståing var prega av eigne erfaringar knytta til samarbeid og tankar om korleis det eksisterande samarbeidet var mellom barnevern og institusjon. Gjennom denne masterstudien har eg fått nye forståingar av dei ulike tenestene sine former for samarbeid, og at det å sitte på kvar sine mandat gjerne vil legge føringar for korleis dei ulike tenestene kan utføre sitt arbeid.

Det er viktig for meg å presisere at denne studien belyser tenesteytarar sine subjektive opplevingar og erfaringar, knytta til ein konkret kontekst kor ungdom er frivillig plassert i institusjon. Det hadde vore interessant å utforske korleis foreldra og ungdommen erfara at tenestene samarbeida om den problematikken dei står i, og korleis dei opplev å bli møtt av hjelpetenester generelt. Noko anna som vart synleg gjennom mine funn var at informantane la vekt på skilnaden i samarbeidet med barnevernet i store og små kommunar. Ettersom utvalet mitt var lite og det er så store geografiske forskjellar i Norge tenker eg det må ein større studie til med mange kommunar for å finne ut om dette er tilfelle. Til slutt vil eg påstå at studie mitt har vist eit auka behov for forskning på korleis dei kommunale barnevernstenestene og dei statlege institusjonane samarbeida for å legge til rette for gode overgangar for ungdom i institusjon.

Litteraturliste

Backe-Hansen, E., Bakketeig, E., Gautun, H., Backer Grønningsæter, A. (2011) Institusjonsplassering – siste utvei? Betydningen av barnevernsreformen fra 2004 for institusjonstilbudet (NOVA rapport nr 21/2011). Norsk institutt for forskning om oppvekst, velferd og aldring. [Microsoft Word - Rapport21-11-N-21nov-.doc \(regjeringen.no\)](#)

Barne- og likestillingsdepartementet. (2009). Oppfølging av foreldre med barn/ungdom plassert i fosterheim eller på institusjon. Henta 12.12.21 frå [q-1157-b-oppfolging-av-foreldre.pdf \(regjeringen.no\)](#)

Barne- og likestillingsdepartementet (2018-2021). *Trygge foreldre, trygge barn*. Regjeringens strategi for foreldrestøtte. [bld_foreldrestotte_strategi_21juni18.pdf \(regjeringen.no\)](#)

Barnevernloven. Lov av 17. juli 1992 nr. 100 om barneverntjenester. Henta frå: [Lov om barneverntjenester \(barnevernloven\) - Lovdata](#)

Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet (2010) Sammen om et godt barnevern. Veileder til inngåelse av lokale samarbeidsavtaler mellom kommunalt og statlig barnevern. Oslo. [veileder-for-samarbeidsavtaler.pdf \(bufdir.no\)](#)

Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet (2021) Veileder for forløp i barnevernsinstitusjoner. https://www.bufdir.no/globalassets/global/nbbf/institusjon/veileder_for_forlop_i_barneverninstitusjoner.pdf?_gl=1*nqfv6b*_ga*MjA1MjczMjQzOS4xNjM2MTE1MDk2*_ga_E0HBE1SMJD*MTY1NjkyODEyNy42LjEuMTY1NjkyODE3Mi4w

Barne-, ungdoms- og familieetaten (2018) Tilbudet på omsorgsinstitusjon. Informasjon til ungdommer og deres foresatte. Spisskompetansemiljøet endringsarbeid i omsorgsinstitusjoner. [tilbudet pa omsorgsinstitusjon informasjon til ungdommer og deres foresatte.pdf \(bufdir.no\)](#)

Barne-, ungdoms- og familieetaten (2019) Veileder til standardisert forløp. Trygge og virkningsfulle tiltak til barn og familier. Spisskompetansemiljøet endringsarbeid i omsorgsinstitusjoner. Harstad. [veileder-til-standardisert-forlop_jan2019.pdf \(bufdir.no\)](#)

Befring, E., Frønes, I., Sørli, M-A. (2013) *Sårbare unge. Nye perspektiver og tilnærminger*. Gyldendal Norsk forlag AS.

Bingle, L., & Middleton, A. (2019). From doing to being: the tensions of systemic practice in social work—group reflective supervision in child protection. *Journal of Family Therapy*, 41(3), s. 384-406.

Braun, V. & Clarke, V. (2006). Using thematic analysis in psychology. *Qualitative Research in Psychology*, 3 (2), 77-101. Henta 10.10.21 frå doi: 10.1191/1478088706qp063o

Bunkholdt, V. & Sandbæk, M. (2012). *Praktisk barnevernarbeid*. Gyldendal akademisk.

Dahlbak, T.L. (2021). Samling om familiearbeid i institusjonene.
Henta 02.11.2021 frå: Bufetat intranett.

Dalland, O. (2015). *Metode og oppgaveskriving for studenter*. 6. utgave. Gyldendal Akademisk.

Frøyland, L. (2017). *Systemisk samtale – psykososialt samarbeid med barn, unge og foreldre*. Fagbokforlaget AS.

Glavin, K. & Erdal, B. (2018). *Tverrfaglig samarbeid i praksis – til det beste for barn og unge i kommune-Norge*. Kommuneforlaget AS.

Gustumhaugen, K., Dønnestad, E., Steinkopf, H. (2017) *Miljøterapeuten – mennesket som metode i miljøterapi*. Universitetsforlaget.

Höjer, I. (2011). Foreldre med barn i fosterhjem – Hvordan oppfatter de sin kontakt med sosialarbeidere? <https://doi-org.ezproxy.inn.no/10.1080/09503153.2011.557149>

Jacobsen, D.I. (2018) *Hvordan gjennomføre undersøkelser? – Innføring i samfunnsvitenskapelig metode*. 3.utgave, 3.opplag. Cappelen damm AS.

Jensen, P. & Ulleberg, I. (2019) *Mellom ordene – kommunikasjon i profesjonell praksis*. (2. utg.) Gyldendal Akademisk.

Jessen, J.T. & Backe-Hanssen, E. (2017) Samvær, samarbeid og støtte. Familiens mulighet for å hjelpe unge voksne etter plassering utenfor hjemmet (NOVA rapport nr 2/17) Velferdsforskningsinstituttet NOVA. [Microsoft Word - Rapp-2-17-I-Siste-utg.docx \(oslomet.no\)](#)

Johannesen, A., Tufte, P.A., Christoffersen, L. (2010) *Introduksjon til samfunnsvitenskapelig metode*. Abstrakt forlag AS.

Johnsen, A. & Torsteinsson Wie, V. (2012) *Lærebok i familierapi*. Universitetsforlaget.

Larsen, E. (2018) *Miljøterapi med barn og unge. Organisasjonen som terapeut*. 3.utgave. Universitetsforlaget.

Lauvås, K & Lauvås, K. (2004) *Tverrfaglig samarbeid – perspektiv og strategi*. 2.utgave. Universitetsforlaget.

Malterud, K. (2018) *Fokusgrupper som forskningsmetode for medisin og helsefag*. Universitetsforlaget.

Mik-Meyer, N. & Villadsen, K. (2007) *Magtens former. Sociologiske perspektiver på statens møte med borgeren*. Hans Reitzels Forlag.

Paulsen, V. (2016) *Ungdom på vei ut av barnevernet: brå overgang til voksenlivet*. Henta 02.02.22 frå doi: <https://doi-org.ezproxy.inn.no/10.18261/issn.1891-1838-2016-01-04>

Prop. 133 L, (2020-2021). Lov om barnevern (barnevernsloven) og lov om endring i barnevernsloven. Det kongelige barne- og familiedepartementet.

[Prop. 133 L \(2020–2021\) \(regjeringen.no\)](#)

Røkenes, O.H., Hanssen, P.H. (2017). *Bære eller bryte – kommunikasjon og relasjon i arbeid med mennesker*. 4. opplag. Vigmostad & Bjørke.

Saus, M., Jenssen, T., Strandbu, A. (2017). Mellom entusiasme og anvendelse – barnevernsarbeideres oppfatninger og erfaringer med familieråd. <https://doi-org.ezproxy.inn.no/10.18261/issn.1891-1838-2017-01-05>

Skau, G.M. (2017) *Gode fagfolk vokser – personlig kompetanse i arbeid med mennesker*. 5. utgåve, 1. opplag. Cappelen Damm.

Statistisk sentralbyrå (2021) Statistikk for oppholdsdager i barnevernsinstitusjoner.

[Barnevernsinstitusjoner \(ssb.no\)](#)

Thaagard, T. (2018). *Systematikk og onnlevelse. En innføring i kvalitative metoder*. Gyldendal akademisk.

Thomassen, M. (2006) *Vitenskap, kunnskap og praksis. Innføring i vitenskapsfilosofi for helse- og sosialfag*. Gyldendal akademisk.

Tjersland, O.A., Engen, G., Jansen, U. (2010) *Allianser – verdier, teorier og metoder i sosialt arbeid*. Gyldendal Norsk forlag AS.

Vedeler, G.H. (2011) Familien som ressurs i psykososialt arbeid. Tidsskriftet Fokus på familien. <https://doi-org.ezproxy.inn.no/10.18261/ISSN0807-7487-2011-04-03>

Westby, L.C.L (2021) Sårbare barnefamiliers erfaringer fra møte med norsk barnevern. (Doktorgradsavhandling). Fakultet for helse- og sosialvitenskap ved Høgskulen i Innlandet. Henta 28.04.22 frå: [Digital versjon A4 Westby 2021.pdf \(inn.no\)](#)

Ødegård, A., Willumsen, E. (2012). Felles innsats eller solospill? – En kvalitativ studie om tjenesteyteres samarbeid omkring barn og unge. Tidsskriftet Norges Barnevern (s. 189-199)
<https://doi-org.ezproxy.inn.no/10.18261/ISSN1891-1838-2011-04-02>



Dette er ein førespurnad til deg som jobbar i barnvernet/ved ein barnevernsinstitusjon om å delta i forskingsprosjektet:

«Kommunalt barnevern og statleg barnevernsinstitusjon – opplevingar og praksiserfaringar med foreldresamarbeid».

Mitt navn er Juliet Navarsete. Eg er masterstudent ved Høgskulen i Innlandet og har i fleire år jobba som miljøterapeut ved omsorgsinstitusjon. Eg er utdanna barnevernspedagog og har teke ein vidareutdanning innan tverrfagleg psykososialt arbeid før eg starta på dette masterstudiet. I dette prosjektet ønsker eg å ha med deg som jobbar som tilsett i barnevernet og som miljøterapeut ved barnevernsinstitusjon der ungdom er plassert på frivillig samtykke. Ved å delta i mitt prosjekt kan di stemme og dine erfaringar bidra til utvikling på forskning kring tema foreldresamarbeid i barnevernet. I dette skrivet vil eg gi deg informasjon om mål for prosjektet og kva deltaking i prosjektet vil innebære for deg.

Formål og bakgrunn

Hovudformålet med prosjektet er å finne ut kva erfaringar og opplevingar dei tilsette har, korleis dei arbeider i praksis og kva former for samarbeid dei nyttar. Det vil også vere fokus på korleis dei tilsette samarbeidar tverrfagleg for å ivareta samarbeidet med foreldra og for å jobbe mot eit «felles mål».

Opplysningar som kjem fram i forskingsprosjektet skal kun nyttast i samband med masteroppgåva, og ikkje til andre formål.

Kven er ansvarleg for prosjektet?

Høgskulen i Innlandet (INN) er ansvarleg for dette prosjektet.

Kva inneber det for deg å delta?

Dersom du ønskjer å delta i dette prosjektet ønskjer eg å ha deg med i ei fokusgruppe der du er del av ei gruppe som svarar på spørsmål frå meg som forskar, og som kan reflektere og diskutere saman med dei andre deltakarane i gruppa. Det vil bli lagt opp til to grupper med mellom 4-6 deltakarar i kvar gruppe, der du er deltakar i den eine gruppa. Deltakarane i gruppene er sett saman av tilsette frå kommunalt barnevern og tilsette ved statlege barnevernsinstitusjonar (omsorg).

Ditt personvern – korleis oppbevarar og nyttar vi dine opplysningar?

Eg vil berre bruke opplysningane om deg til formåla eg har fortalt om i dette skrivet. Eg handsamar opplysningane om deg konfidensielt og i samsvar med personvernregelverket. Alt som kjem fram gjennom samtalane vil bli anonymisert i den ferdige oppgåva. Det vil ikkje vere mogleg å kjenne igjen deltakrane i studien ved ein eventuell publikasjon.

Kva skjer med opplysningane dine når forskingsprosjektet vert avslutta?

Prosjektet skal etter planen avsluttast i september 2022. Alle personopplysningar og opptak blir oppbevarte etter ovannemnde kriteriar til sensuren på oppgåva er ferdig. Deretter vil alle opplysningar, opptak og notat frå samtalar bli sletta.

Kva gir meg rett til å behandle personopplysningar om deg?

Eg behandlar opplysningar om deg basert på ditt samtykke.

På oppdrag frå Høgskulen i Innlandet (INN) har NSD – Norsk senter for forskingsdata AS vurdert at behandlinga av personopplysningar i dette prosjektet er i samsvar med personregelverket.

Med vennleg helsing

Prosjektansvarleg/forskar

Student

Vedlegg 2: Samtykkeerklæring

Samtykkeerklæring

Eg har motteke og forstått informasjon om prosjektet «*Kommunalt barnevern og statleg barnevernsinstitusjon – opplevingar og praksiserfaringar med foreldresamarbeid*», og har fått anledning til å stille spørsmål. Eg samtykkar til:

Å delta i gruppeintervju

Eg samtykkar til at mine opplysningar behandlast fram til prosjektet er avslutta, som er planlagt i september 2022.

(Signert av prosjektdeltakar, dato)

Vedlegg 3: Godkjenning frå NSD
(26.10.2021)

Referansenummer
342786

Prosjekttittel
Kommunalt barnevern og statleg barnevernsinstitusjon – opplevingar og praksiserfaringar med foreldresamarbeid.

Behandlingsansvarlig institusjon
Høgskolen i Innlandet / Fakultet for helse- og sosialvitenskap / Institutt for sosialfag og veiledning

Prosjektansvarlig
Astrid Halså

Student
Juliet Navarsete

Prosjektperiode
13.08.2021 - 15.09.2022

Meldeskjema

Dato
26.10.2021

Type
Standard

Kommentar

Det er vår vurdering at behandlingen av personopplysninger i prosjektet vil være i samsvar med personvernlovgivningen så fremt den gjennomføres i tråd med det som er dokumentert i meldeskjemaet med vedlegg den 26.10.2021, samt i meldingsdialogen mellom innmelder og NSD. Behandlingen kan starte.

TYPE OPPLYSNINGER OG VARIGHET

Prosjektet vil behandle alminnelige kategorier av personopplysninger frem til 15.09.2022

LOVLIG GRUNNLAG

Prosjektet vil innhente samtykke fra de registrerte til behandlingen av personopplysninger. Vår vurdering er at prosjektet legger opp til et samtykke i samsvar med kravene i art. 4 og 7, ved at det er en frivillig, spesifikk, informert og utvetydig bekreftelse som kan dokumenteres, og som den registrerte kan trekke tilbake. Lovlig grunnlag for behandlingen vil dermed være den registrertes samtykke, jf. personvernforordningen art. 6 nr. 1 bokstav a.

PERSONVERNPRINSIPPER

NSD vurderer at den planlagte behandlingen av personopplysninger vil følge prinsippene i personvernforordningen om: · lovlighet, rettferdighet og åpenhet (art. 5.1 a), ved at de registrerte får tilfredsstillende informasjon om og samtykker til behandlingen · formålsbegrensning (art. 5.1 b), ved at personopplysninger samles inn for spesifikke, uttrykkelig angitte og berettigede formål, og ikke behandles til nye, uforenlige formål · dataminimering (art. 5.1 c), ved at det kun behandles opplysninger som er adekvate, relevante og nødvendige for formålet med prosjektet · lagringsbegrensning (art. 5.1 e), ved at personopplysningene ikke lagres lengre enn nødvendig for å oppfylle formålet

DE REGISTRERTES RETTIGHETER

Så lenge de registrerte kan identifiseres i datamaterialet vil de ha følgende rettigheter: innsyn (art. 15), retting (art. 16), sletting (art. 17), begrensning (art. 18), og dataportabilitet (art. 20). NSD vurderer at informasjonen om behandlingen som de registrerte vil motta oppfyller lovens krav til form og innhold, jf. art. 12.1 og art. 13. Vi minner om at hvis en registrert tar kontakt om sine rettigheter, har behandlingsansvarlig institusjon plikt til å svare innen en måned.

FØLG DIN INSTITUSJONS RETNINGSLINJER

NSD legger til grunn at behandlingen oppfyller kravene i personvernforordningen om riktighet (art. 5.1 d), integritet og konfidensialitet (art. 5.1. f) og sikkerhet (art. 32). For å forsikre dere om at kravene oppfylles, må dere følge interne retningslinjer og/eller rådføre dere med behandlingsansvarlig institusjon.

MELD VESENTLIGE ENDRINGER

Dersom det skjer vesentlige endringer i behandlingen av personopplysninger, kan det være nødvendig å melde dette til NSD ved å oppdatere meldeskjemaet. Før du melder inn en endring, oppfordrer vi deg til å lese om hvilke type endringer det er nødvendig å melde: <https://www.nsd.no/personverntjenester/fylle-ut-meldeskjema-for-personopplysninger/melde-enderinger-i-meldeskjema> Du må vente på svar fra NSD før endringen gjennomføres.

OPPFØLGING AV PROSJEKTET

NSD vil følge opp ved planlagt avslutning for å avklare om behandlingen av personopplysningene er avsluttet.

Lykke til med prosjektet!

Vedlegg 4: Intervjuguide

Intervjuguide – fokusgruppeintervju

Tema 1: Introduksjon av informantane

Fortel kort om deg sjølv.

- Kvar jobbar du?
- Kor lenge har du jobba der?
- Kor mange års erfaring har du etter endt utdanning?

Tema 2: Foreldresamarbeid – historiar og refleksjonar

- Fortel om ein gong du har hatt eit foreldresamarbeid som har fungert godt, eventuelt kva trur du bidrog til at du lykkast med samarbeidet?
- Korleis blir foreldra inkluderte under og etter institusjonsplasseringa?
- Korleis inkluderar de foreldra?
- Kva faktorar bidreg til å fremje godt foreldresamarbeid?
- Kva faktorar bidreg til å hemme foreldresamarbeid?

Tema 3: Tverrfagleg samarbeid

- Korleis opplev de det tverrfaglege samarbeidet mellom dykk for å inkludere foreldra?
- Kva samarbeider de om?
 - Er det faste møter/samarbeidssamtalar?
 - Variasjon frå sak til sak?
 - Kven tek vanlegvis kontakt?

Tema 4: Tilbakeføring/overgang frå institusjon til heim eller andre tiltak

- Opplev de at samarbeidet med foreldra påverkar ungdommen som bur på institusjonen?
- Viss ja, på kva måte påverkar det ungdommen?
- Korleis jobbar de med tilbakeføringsprosessen?

Tema 5: Open kategori:

- Er det noko rundt dette tema du har lyst til å snakke meir om?